

Sofie Flølo Dyrstad

Nynorsk som mediespråk

Ei undersøking av nynorsk sin posisjon som
formidlingsspråk i nettavisar

Masteroppgåve i Lektorutdanning i språkfag
Mai 2022



Norwegian University of
Science and Technology

Sofie Flølo Dyrstad

Nynorsk som mediespråk

Ei undersøking av nynorsk sin posisjon som
formidlingsspråk i nettavisar

Masteroppgåve i Lektorutdanning i språkfag
Mai 2022

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for språk og litteratur

Samandrag

Nynorsk og bokmål har alltid hatt eit asymmetrisk forhold. To plassar dette kjem tydeleg fram, er i avisar og gjennom språkhaldningane blant folk. Det er eit stort overtal av bokmål i dei norske avisene, og fram til 2017 godtok ikkje dei store riksavisene at nokre journalistar ville skrive på nynorsk. I avisene kan ein lese fleire lesarinnlegg der lesarar uttrykkjer at nynorsk er bortkasta og stiller spørsmål om kvifor ein i det heile tatt bør ha eit anna norsk skriftspråk enn bokmål. Denne masteroppgåva har som hensikt å undersøke posisjonen nynorsk har som formidlingsspråk i nettavisar, gjennom ei klikkmåling og kvalitative intervju med redaktørar i fem ulike avisar.

Tala frå klikkmålinga viser at bokmålssaker får fleire sidevisningar enn nynorsksaker, og fleire lesarar går ut av nynorsksakene før det har gått fem sekund, enn dei gjer i bokmålssakene. I klikkmålinga kjem det også fram at nynorsksakene blir lesen lengre, både i sekund og i lengde lesarane skrollar i saka. Vidare kan ein også sjå i undersøkinga at fleire lesarar les heile saka på nynorsk enn på bokmål. Gjennom å intervju redaktørane kjem det fram fleire interessante funn, blant anna at det er større opning for nynorsk i media i dag. Fleire av redaktørane har inntrykk av at dei som er glade i nynorsk set pris på å lese det i media, medan dei som er bokmålsbrukarar ikkje bryr seg så mykje.

Abstract

Nynorsk and *bokmål* has always had an asymmetrical relationship. This can be seen in several areas, whereas two of them are in newspapers and among the attitudes of general people. There is a large majority of *bokmål* in the Norwegian newspapers, and until 2017, the major national newspapers didn't accept that some journalists wanted to write in *nynorsk*. In newspapers, one can read several comments in which readers express that *nynorsk* is wasted and question why we need another Norwegian written language, other than *bokmål*. The purpose of this master thesis is to uncover *nynorsk*'s position as a language of communication in online newspapers, through a click survey and qualitative interviews with editors in five different newspapers.

The click survey shows that articles in *bokmål* gets more page views than articles in *nynorsk*, and compared to *bokmål* articles, more readers goes out from the *nynorsk* articles before five seconds have passed. The click survey also shows that the *nynorsk* articles are read longer, both in seconds and in length of the article. Based on the survey, it also appears that more readers read the whole article in *nynorsk* than in *bokmål*. Through interviewing the editors, several interesting points emerged. Many of them agreed that *nynorsk* can be seen more in media today, and that the readers aren't so negative to that. Some of them said that the people who like *nynorsk* appreciate it when an article is written in *nynorsk*, and that the users of *bokmål* don't really care that much.

Forord

Interessa og nysgjerrigheta mi for emnet «nynorsk som formidlingsspråk i nyhetsmedia» kjem frå eigne opplevingar. Eg har sjølv jobba som journalist, blant anna i ei nynorskavis, og har utvikla stor interesse for både media og språk gjennom dette. Då eg ein gong hørte at nokre lesarar går ut av saker så fort dei ser at saka er på nynorsk, tenkte eg: «Er det verkeleg så ille?». Og med det vart denne masteroppgåva til.

Skrivinga av masteroppgåva har vore krevjande, tungt og stressande, men mest av alt har det vore lærerikt, interessant og spennande. I prosessen har eg lært mykje om både nynorsk og media, men det som kanskje var den største vekkjaren for meg, har vore at folk er så hjelpsame. Difor kunne «takketalen» vore på masterlengde, men eg vel å halde det nokså kort. Først og fremst, tusen takk til rettleiar Stian Hårstad, både for god hjelp med oppgåva, og fordi du vekka interessa mi for sosiolingvistikk.

Ein enorm takk til *Nettavisen* med Stian Guldhaug og Erik Stephansen i spissen. Takk for at de var positive og hjelpsame frå start, og gjorde det mogleg for meg å skrive «draumeoppgåva». Ein stor takk må også bli retta til alle redaktørane som stilte opp til intervju. De veit kven de er! Takk for at de gav meg innsyn i jobben dykkar og for at de delte interessante synspunkt og opplevingar. Ein takk går også til Sanne Slåtten for inspirasjon til tema.

Eg vil også takke Eirin og Anders for hyggelige stunder på mastersalen det siste semesteret, men også i dei ni føregåande semestra. Eg kan sikkert seie at eg ikkje hadde stått med oppgåva i handa den dag i dag, om det ikkje hadde vore for dykk.

Til slutt, takk til familien og Edvart for at de har vist interesse, stilt opp og motivert.

Sofie Flølo Dyrstad

Trondheim, mai 2022

Innholdsliste

SAMANDRAG	I
ABSTRACT.....	II
FORORD.....	III
1. INNLEIING.....	1
1.1. PROBLEMSTILLING OG HYPOTESAR	2
1.2. OPPGÅVA SI OPPBYGGING	3
1.3. OM AMEDIA OG NETTAVISEN	3
2. TEORETISK BAKGRUNN.....	3
2.1. KORT OM FAGFELTET	4
2.2. HALDNINGAR OG IDENTITET.....	4
2.3. SKRIFTSPRÅK	6
2.3.1. <i>Nynorsk versus bokmål</i>	6
2.3.2. <i>Nyheitsspråk</i>	8
2.3.3. <i>Redaksjonane sine haldningar til skriftspråk</i>	11
2.4. TIDLEGARE STUDIAR.....	13
2.4.1. <i>Studiar knytt til nynorsk versus bokmål</i>	13
2.4.2. <i>Studiar knytt til mediespråk</i>	14
3. METODE	16
3.1. OVERSIKT OVER METODANE.....	16
3.2. KLIKK-UNDERSØKING	17
3.3. INTERVJU MED REDAKTØRAR	20
4. RESULTAT FRÅ KLIKKUNDERSØKING.....	25
4.1. GJENNOMSNITT	25
4.1.1. <i>Sidevisningar</i>	26
4.1.2. <i>Artikkelskroll</i>	26
4.1.3. <i>Fråfall</i>	26
4.1.4. <i>Fullført artikkel</i>	27
4.1.5. <i>Visningstid</i>	27
4.2. POTENSIELLE FEILMÅLINGAR	27
5. RESULTAT FRÅ INTERVJU.....	29
6. DEI TO DATASETTA I SAMANHENG.....	31
6.1. SIDEVISNINGAR	31
6.2. ARTIKKELSKROLL.....	35
6.3. FRÅFALL	37
6.4. FULLFØRT ARTIKKEL	39
6.5. VISNINGSTID	40
6.6. STOFFKATEGORIAR	41
6.6.1. <i>Økonomi</i>	42
6.6.2. <i>Kjendis</i>	44
6.6.3. <i>Politisk kommentar</i>	44
6.6.4. <i>Sport</i>	46
7. OPPSUMMERING.....	47
7.1. AVSLUTTANDE DRØFTING	50
LITTERATURLISTE	51
VEDLEGG	55

INTERVJUGUIDE.....	55
RELEVANS FOR LEKTORYRKET	56

1. Innleiing

Den norske skriftspråksituasjonen er på mange måtar spesiell. Vi har to likestilte offisielle norske målformer: nynorsk og bokmål. Likevel har nynorsk lenge opptredd i ein minoritetsposisjon, både i numerisk forstand og når det gjeld det asymmetriske maktforholdet til bokmål (Bull, 2004). Heilt sidan det vi i dag kjenner som nynorsk, blei tatt i bruk som skriftspråk, har nynorsk hatt færre språkbrukarar enn bokmål. Den minoritetsposisjonen nynorsk har hatt, har ført til at mange meiner noko om nynorsk. Dei sterkeste synspunktene og dei mest negative haldningane til nynorsk møter ein truleg i norskimane på skulen, i lesarinnlegg og i kommentarfelt. Fleire har påstått at nynorsk er vanskeleg, både elevar, lærarar og andre (Eikersund & Fretland, 2015, s. 9; Wold, 2018, s. 14).

Det er ikkje berre blant språkbrukarane ein kan sjå at nynorsk er i ein minoritetsposisjon. Ein kan også sjå det i nyheitsbiletet. I dei fleste avisredaksjonar er det fastsette språknormer og reglar som journalistane må rette seg etter. Dette kan vere normer som føreskriv at journalistane skal skrive nynorsk eller bokmål, eller at journalistane får velje skriftspråk sjølv. Sjølv om det er mange aviser som skriv nynorsk eller begge skriftspråk, går fordelinga av skriftspråk i aviser stort sett i favor bokmål (Grepstad, 2015, s. 73). Kva er eigentleg årsaka til dette? Handlar det om at journalistane ikkje er trygge nok i det nynorske skriftspråket, slik at dei unngår å skrive det, eller er det med omsyn til lesaren sine haldningar og kompetanse?

Føremålet med denne masteroppgåva er å sjå nærmare på ein del av språkkvarden vi har i Noreg. Nærare bestemt handlar oppgåva om haldningar til nynorsk som formidlingsspråk i nyheitsmedia. Oppgåva baserer seg på ei kvantitativ og ei kvalitativ undersøking. Den kvantitative undersøkinga er ei klikkmåling gjennomført i samarbeid med *Nettavisen*. I denne undersøkinga har *Nettavisen* publisert same saker i bokmålsversjonar og nynorskversjonar, og samla inn statistikk på sidevisningar, artikkelskroll, fråfall dei første fem sekunda lesarane leste saken, kor mange som fullførte artikkelen og visningstid. Det kvalitative datasettet baserer seg på intervju med fem redaktørar av fem ulike aviser i ulike landsdelar, der ei av avisene er ei riksavis. Målet med desse to undersøkingane er å få innblikk i haldningane til nynorsk som formidlingsspråk i nyheitsbiletet, då særleg i nettaviser.

1.1. Problemstilling og hypotesar

Med utgangspunkt i klickundersøkinga og intervju tar eg sikte på å setje lys på følgjande problemstilling: *Korleis blir nynorsk som formidlingsspråk i nyheitsmedia mottatt i nettavisar?*

Ut frå problemstillinga stiller eg følgjande hypotesar for funna:

Hypotese 1 (H1): *Sakene på nynorsk har færre sidevisningar enn dei same sakene på bokmål.*

Denne hypotesen knyter seg direkte opp til problemstillinga ovanfor. Bokmål er førstespråket for 4,4 millionar personar som er seks år eller eldre, medan nynorskbrukarane er ein stad mellom 548.000 og 638.000 (Grepstad, 2020). Det vil seie at omlag 9/10 har bokmål som sitt føretrekte skriftspråk i Noreg. Med grunnlag i dette forventar eg å finne ut at saker som er skrivne på bokmål, får fleire sidevisningar enn sakene som er skrivne på nynorsk.

Hypotese 2 (H2): *Ei sak har høgare fråfall dei første fem sekunda om ho er skriven på nynorsk enn om ho er skriven på bokmål.*

Ettersom omlag 9/10 av Noreg si befolkning har bokmål som føretrekte skriftspråk, forventar eg også å finne at fleire klikkar seg ut av nynorsksaker dei første fem sekunda, enn i bokmålsaker.

Hypotese 3 (H3): *Saker på nynorsk blir lesne kortare enn saker på bokmål.*

Denne hypotesen heng tett saman med H1 og H2. Viss haldningane til nynorsk hos leserar er slik at færre trykker seg inn på sakene på nynorsk og fleire går ut av sakene, kan ein derav også anta at sakene på nynorsk blir lesne kortare, både i sekund og i lengde ein skrollar, enn sakene på bokmål.

Hypotese 4 (H4): *Nynorsk blir best mottatt i kategorien «politisk kommentar», og därlegast mottatt i kategorien «sport».*

Sjølv om nokre avisar har ei skriftnorm som seier at dei skal halde seg til eitt skriftspråk, er det likevel vanleg praksis å publisere lesarinnlegg og kommentarar på det skriftspråket dei blir tilsendt på. Dette er bakgrunnen for at eg trur at nynorsk blir best mottatt i kategorien «politisk kommentar». «Best mottatt» vil i hovudsak bety at det er minst forskjell mellom tal sidevisningar, då sidevisningar er ei av dei viktigaste målingane i ei avis. Vidare trur eg at

nynorsk blir dårlegast mottatt i kategorien «sport». I 2018 fekk Harald Thingnes, sportsjournalist i NRK, Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar. Det blei peika på at han var ein einsleg minoritet i ein bokmålsdominert sportsredaksjon (Kulturdepartementet, 2018). Det kan vere at i ein så bokmålsdominert kategori som sport, vil saker på nynorsk bli dårlegare lesne og mottatt.

1.2. Oppgåva si oppbygging

I det neste kapittelet, 2. *Teoretisk bakgrunn*, vert det teoretiske grunnlaget for studien presentert. Dette kapittelet ser nærmere på nynorsk versus bokmål, nyheitsspråk og redaksjonar sine haldningar til nynorsk over tid. Kapittelet plasserer også denne oppgåva i forhold til forskingstradisjonen, ved at tidlegare studiar blir lagt fram. Kapittel 3. *Metode* presenterer den metodiske tilnærminga til undersøkinga: Kva som vart gjort og eventuelle utfordringar som oppstod på vegen. Vidare i oppgåva vert datagrunnlaget presentert, før dei kvantitative dataa blir analysert og diskutert i lys av teori og kvalitative data. Til slutt vert trådane samla i kapittel 7. *Oppsummering*.

1.3. Om Amedia og Nettavisen

Nettavisen, som eg fekk med på å utføre den kvantitative testinga i denne masteroppgåva, er eigd av mediekonsernet Amedia, som er Noreg sitt nest største mediekonsern etter Schibsted. Amedia har 84 lokalaviser i heile landet, i tillegg til *Nettavisen* og *Nasjonen*, og er med det den største utgivaren av lokale medium i Noreg (Amedia, 2022).

Ifølgje tal frå Mediebedriftenes Landsforening (MBL) som vart publisert mars 2022, hadde *Nettavisen* 499.000 daglege leesarar i siste kvartal av 2021. Med det er avisas den sjette største avisa i Noreg (Mediebedriftenes Landsforening, 2022). *Nettavisen* har heile landet som dekningsområde og er i så måte ei riksavis. Avisa var den første norske nettavisa som vart etablert utan ei papiravis i ryggen, då den vart grunnlagt i 1996 (Amedia, 2022). Redaksjonen i *Nettavisen* skriv artiklane på bokmål, men Amedia har fleire aviser som skriv berre nynorsk, eller både nynorsk og bokmål.

2. Teoretisk bakgrunn

Dette kapittelet presenterer det teoretiske rammeverket som denne studien byggjer på. I den første delen av kapittelet er det ein generell introduksjon til tre sentrale tema for oppgåva:

haldningar og identitet, nynorsk versus bokmål og mediekonteksten. Vidare vert det set lys på tidlegare studiar knytt til nynorsk og bokmål, i tillegg til mediespråk.

2.1. Kort om fagfeltet

I *Mål og miljø* av Kjell Venås blir sosiolingvistikk definert som studiet av «[...] korleis språket fungerer i samfunnssamanheng, eller korleis samfunnet og språket verkar saman og i høve til einannan» (Venås, 1991, s. 13). Kort fortalt er hovudmålet med sosiolingvistikken å undersøke forholdet mellom samfunn og språk (Herk, 2012, s. 2). Ein vil «studere korleis samfunnet påverkar språkbrukarane, og korleis språkbrukarane er med på å skape og rekonstruere samfunnet» (Røyneland, 2011, s. 33). Såleis fell dette prosjektet under terminologien sosiolingvistikk, då det ser på korleis skriftspråket fungerer i media, og er ei oppgåve som er ute etter å avdekke haldningar i samfunnet. Oppgåva er også ute etter å avdekke bakgrunnen for redaktørane sine språklege val, og kva opplevingar dei har av nynorsk som formidlingsspråk i nettavisar. Om redaktørane bestemmer skriftspråket basert på leesarane, så studerer oppgåva korleis språkbrukarane er med på påverke samfunnet.

2.2. Haldningar og identitet

Omgrepa *haldning* og *identitet* er sentrale innanfor fagfeltet og oppgåva. Haldningar har i fleire år i stadig utvida samanhengar vore eit mykje nutta forskingsobjekt. Ordet er også eit omgrep med høg bruksfrekvens i det daglege. Når ein skal gjere greie for dette omgrepet, viser det seg likevel at det er vanskeleg å definere dekkande og eintydig (Lunde, 2005, s. 7). Lunde trekk fram tre definisjonar på *haldning*. To av desse forklarer haldningar som eit anlegg eller ei kjensle ovanfor eit objekt, medan den tredje definisjonen sidestiller haldning med eit fast åtferdsmønster (Lunde, 2005, s. 9). Ifølgje Hårstad et al. (2021, s. 44) er språkhaldningar enkelt forklart «oppfatningene vi har om språk og språkbruk». Folk kan til dømes uttrykke at dei meiner at nokre språk er finare enn andre, men språktrekk er objektivt sett ikkje stygge eller pene. Slike haldningar til språk er på så måte eigentleg ikkje haldningar til språket sjølv, men meir haldningar knytte til det eller dei språkbrukaren knyter det til (sst.). Haldningane til ulike varietetar innanfor eit samfunn er ikkje statiske størrelsar, men noko dynamisk som kan bli endra over tid, avhengig av ulike politiske, sosiokulturelle vilkår og tiltak (Mæhlum, 2020, s. 36).

I sosiolinguistikken er det ofte ein underliggende føresetnad at språket på ein eller annan måte er knytte til identitet (Hårstad et al., 2021, s. 40), og det blir også rekna som ein av dei viktigaste identitetsskapande faktorane, nettopp fordi det er gjennom språket vi presenterer identiteten vår (Mæhlum, 2008, s. 106). Alle språkhandlingar kan difor bli sett på som identitetshandlingar (Hårstad, 2010, s. 88). Men hva er identitet? Omgrepene har samanheng med det latinske ordet *idem*, som betyr «den same». Mæhlum (2008, s. 107) argumenterer for at identitet har å gjøre med oppfatninga og karakteristikkene av eit *eg*. Ein kan skilje mellom personleg identitet og sosial identitet. Sistnemnde omhandlar dei eigenskapane ein har som gjer oss kvalifiserte til å vere medlem i ulike gruppefellesskap, medan personleg identitet er ein karakteristikk av den delen av identiteten som gjer ein unik i forhold til andre. Desse to identitetsformane står i eit gjensidig avhengighetsforhold (Mæhlum, 2008, s. 108).

Talemålsvarietetar i Noreg har ulik status, og vi har ofte sterke kjensler og haldningar til desse. Skriftvarietetane vi har i norsk, går også inn i eit *tilsvarende* kulturelt verdispel. Det er velkjente stereotypiar at nynorsken er eit «bygdespråk» og fleire har eit syn på nynorsk som noko «lite kult» og «gamaldags» (Hårstad et al., 2021, s. 16). Opp gjennom historia til det nynorske skriftspråket har det vore ein tendens å kople det nynorske språket til det *tradisjonelle* (Mæhlum, 2020, s. 191). Både i ulike politiske samanhengar og innanfor underholdning og satire har nynorsk blitt sett på som gamaldags (Mæhlum, 2020, s. 192). Mange har også oppfatta nynorsk som «fattigare» enn bokmål. Nynorsk kan verke godt i poesien og andre spesielle bruksområde, men därlegare innanfor andre, slik som til dømes det private næringslivet (Bull, 2004; Sandøy, 2008, s. 181). Forholdet mellom nynorsk og bokmål er dermed ein god illustrasjon på at nokre skriftspråk har større symbolkraft enn andre:

At språk har et betydelig potensial som sosialt symbolsystem, ser en ikke minst i slike tilfeller der grunnleggende politiske og sosiokulturelle konflikter blir utspilt som en kamp nettopp om språket. Nyere norsk språkhistorie, med forholdet mellom nynorsk og bokmål, er en god illustrasjon på denne symbolkraften. (Mæhlum, 2008, s. 106)

Dette viser at både bokmål og nynorsk fungerer som identitetsmarkørar. Språket har ein avgjerande funksjon når ein blir sosialisert inn i ulike gruppefellesskap. Ettersom vi kommuniserer med andre menneske ved hjelp av språklege handlingar, kan skriftspråka vere med på å understreke og forsterke det inntrykket ein elles gjev (Mæhlum, 2008, s. 107). Det er med andre ord god grunn til å tru at språket kan verke som eit symbol på ein bestemt sosial

tilhørsle. Det spørsmålet som dermed melder seg, er kva slags identitet er det snakk om? Vikør (1997, s. 124-125) trekkjer fram nokre faktorar som han ser på som konstituerande for ein særskild nynorsk identitet. Han reknar regionalismen og bygdepatriotismen som heilt sentrale. Desse to faktorane får også støtte som sentrale nynorske identitetskomponentar i andre studiar. I Skog et al. (1997) og Berge et al. (1998) vert det stadfesta at nynorsk blir oppfatta som eit bygdespråk, og også som eit gamaldags språk (Mæhlum, 2020, s. 196).

Det er ikkje slik at ein berre kan identifisere seg med ei målform, men det er ikkje overraskande at dei som har ei forståing av seg sjølv som brukarar av den minst brukte skriftnorma, altså nynorsk, jamt over har eit sterkare forhold til språket sitt. Slik kjenner vi det også att frå andre minoritetsgrupper. Ottar Hellevik (2001, s. 118) peikar på at det er skilnadar mellom dei som bruker nynorsk og bokmålsbrukarane. Nynorskbrukarane kjenner seg sterkare knytt til heimbygda si, både dei som framleis bur der, og dei som har flytta ut. Dette er eit teikn på at språket er med på å gje heimplassen og innbyggjarane ein identitet (Bakke & Teigen, 2001, s. 9). Det er likevel litt problematisk å samanlikne «bokmålsfolk» og «nynorskfolk» på denne måten, nettopp fordi dei to storleikane bokmål og nynorsk har så ulik forhistorie og sosiolingvistisk status.

2.3. Skriftspråk

2.3.1. Nynorsk versus bokmål

Noreg blir ofte trekt fram som eit føregangsland når det gjeld språkleg toleranse og skriftspråkleg variasjon (Rambø, 2014, s. 50). Ettersom vi ikkje har noko standardtalemål i Noreg, står språkbrukarar fritt til å bruke dialekt i alle samanhengar. Det same gjeld i skrift, der det ikkje er lovregulering av språkleg praksis, med unntak av at ein skal få svar på det skriftspråket ein vel når ein er i kontakt med statlege instansar. I teorien har vi to likestilte norske skriftspråk: bokmål og nynorsk. Likevel ser ein at nynorsk stadig er under press, og taper terreng til bokmål. Nynorsk blir kort sagt valt vekk på ulike samfunnsarenaer, til trass for at det prinsipielt sett er like offisielt som bokmål (Hårstad et al., 2021, s. 16). Talet på offisielle nynorskbrukarar har heile tida vore lågare enn talet som skriv bokmål. Som nemnt innleiingsvis, er bokmål førstespråket for 4,4 millionar som er seks år eller eldre, medan nynorskbrukarane er ein stad mellom 548.000 og 638.000 (Grepstad, 2020). Ifølgje tal frå SSB har 73 493 av 634 674 elevar nynorsk som hovudmål i barne- og ungdomsskulen (Foss, 2022). Det utgjer ein prosentdel på 11,6. I 2001 hadde 14,8 prosent av alle elevar i

grunnskulen nynorsk som hovudmål, så det kan verke som talet nynorskbrukarar er på veg nedover. Ifølgje Riksmålsforbundet har omtrent halvparten av nynorskelevane falle ifrå når dei startar på vidaregåande. I studietida fell også ein del av (Gunnerud, 2016). Likevel ser ein at ein del vender tilbake til nynorsken seinare i livet, men slike tal fortel at mange nynorskelevar let seg presse eller lokke vekk frå språket sitt (Hoel, 2001, s. 22).

At nynorsken er under press og bokmål blir sett på som det dominerande, er ikkje noko nytt fenomen. Heilt sidan kodifiseringssarbeidet til Knud Knudsen og Ivar Aasen har det vore ei varig splitting mellom dei to skriftspråka (Bakke, 2001, s. 53). Som nemnt er nynorsk og bokmål formelt-juridisk likestilte skriftspråk, og det har dei, med andre nemningar, i teorien vore sidan 1885, altså i om lag 120 år (Bull, 2004). Norsk språkhistorie viser likevel at dette ikkje har vore tilfelle i praksis. Det finst talrike døme på at styresmaktene sjølve saboterer den likestillingspolitikken som dei har vedtatt (sst.). Bokmål har også blitt sett på som meir prestisjefyldt og slik sett med større maktpotensial, medan nynorskbrukarar støtt må forklare kvifor dei skriv nynorsk. Heilt sidan det vi i dag kjenner som nynorsk, såg dagens lys, har det nemleg vore færre nynorskbrukarar enn bokmålsbrukarar (Wold, 2018, s. 1). Det har med andre ord vore eit asymmetrisk forhold mellom dei to formene langt tilbake i tid.

Den dimensjonen som framfor alt blir framheva ved nynorsken, er den *geografiske* (Mæhlum, 2020, s. 194). I første halvdel av 1900-talet hadde den vestlandske landsbygda og dei austnorske fjellbygdene og -dalane blitt etablert som nynorsken sitt kjerneområde (Vikør, 2006, s. 81), men dei seinare åra har vi sett nokre utviklingstendensar som kan medføre ei regionalisering av nynorsken: «Nynorsk [er] i ferd med å verte eit vestlandsspråk, medan han er under til dels sterkt press som nasjonalmål» (Arnestad, 2002, s. 16). I motsetnad til bokmål som blir sett på som geografisk umarkert, blir altså nynorsken ofte lagt til ei bestemt territorial tilknyting (Mæhlum, 2020, s. 194).


Nynorsk står generelt mykje sterkare i periferien enn i mellomsentrale og sentrale kommunar. I tillegg har nynorsken tapt terrenget i meir sentrale strøk dei siste tiåra, men har i større grad blitt halde ved lag i utkantområde (Mæhlum, 2020, s. 195). Dette kjem også fram i ein rapport utarbeidd for Noregs Mållag. Der gjev Lilleholt og Kihl (2014) ei historisk oversikt over nynorsken sin posisjon gjennom kommunestrukturane. Funna i rapporten viser at tidlegare samanslåingar har gått hardt ut over nynorsken, og Lilleholt og Kihl meiner nynorsken er mest pressa i område der nynorsken stod svakt før, slik som i randsonene på Austlandet,

Sørlandet og Nordmøre, i tillegg til rundt dei store vestlandsbyane som Ålesund, Haugesund og Stavanger/Sandnes (Lilleholt & Kihl, 2014, s. 21). Det er også tenkjeleg at endringar i kommunestrukturane kan vere med på å styrke nynorsken nokre stader. Dersom større einingar gjer at kommunane får fleire oppgåver, kan ein større del av det samla velferdstilbodet for nynorskbrukarar kome frå ein nynorskkommune i staden for ein tospråkleg fylkeskommune (Lilleholt & Kihl, 2014, s. 21-22). Vidare viser rapporten at det er gjort lite for å ta vare på nynorsken og nynorskbrukarane i arbeidet med kommunereforma, frå Regjeringa og Stortinget (Lilleholt & Kihl, 2014, s. 35), ved at det til dømes ikkje har vore ført tilsyn med målbruken i kommunane og fylkeskommunane, som gjer det vanskeleg å setje inn dei rette tiltaka (sst.).

2.3.2. Nyheitsspråk

Dei fleste aviser i Noreg bruker anten bokmål eller nynorsk, eller begge språk. Fordelinga går stort sett i favør bokmål, sjølv om bruken av nynorsk har auka dei siste tiåra i radio-, bok- og TV-mediet (Grepstad, 2015, s. 73). I 2015 vart kvar fjerde avis redigert på nynorsk, ifølgje Grepstad (sst.). Korleis stoda er akkurat i dag, er uvisst, men det er klart at det er fleire reine bokmålsaviser enn det er reine nynorskaviser. Lilleholt og Kihl (2014) diskuterer stoda for skriftspråket i norske lokal- og regionaviser i rapporten for Noregs Mållag, med tanke på kommunesamanslåing. Resultata viser at stoda for avisene ikkje heng direkte saman med kommunereforma, då fleire av avisene held på skriftspråket sjølv etter kommunereforma og endringar innan kommunane (Lilleholt & Kihl, 2014, s. 30).

Dei nynorske og språkblanda avisene er viktige for nynorsken, både fordi dei produserer mykje nynorsk tekst, og fordi dei er viktige i å utvikle det nynorske språket i takt med samtidia. Pressespråket både avspeglar og formar språkutviklinga i det norske samfunnet (Roksvold, 1994, s. 115). Det er gjerne her ein set ord på nye fenomen først (Lilleholt & Kihl, 2014, s. 30). Dette kan vi også sjå i *normeringssirkelen* til Helge Sandøy (Sandøy, 2008, s. 177).



Figur 1: Normagentar (Sandøy, 2008, s. 177)

I denne modellen viser pilene kven som påverkar kven. Aviser og forlag har mange piler ut, som viser at avisene er viktige normagentar innan språk. Dei internaliserte normene i avisredaksjonane går inn i språkvanane til enkeltpersonar (Sandøy, 2008, s. 178). Modellen er vel å merke frå 2008, som vil seie at den kan vere noko utdatert. Til dømes spelar internett og sosiale medium ei større rolle i samfunnet i dag, og påverkar nok språket såpass mykje at det skulle hatt ein plass i normeringssirkelen, men modellen viser framleis at avisar er viktige for utviklinga av språket.

Det er ikkje til å leggje skjul på at avisar skal selje stoffet sitt: Dei er kommersielle aktørar. Slik var det då papiravisene rådde grunnen åleine, men kanskje endå tydlegare no når dei digitale formata er dei viktigaste. På den måten blir språket eit verktøy brukt for å selje produktet. Media blir ikkje berre ein måte å formidle nyheter på, men også ein kommersiell marknad. Mæhlum (2020, s. 191) argumenterer for at bokmål blir sett på som det *moderne*, og det er det moderne som tenderer å inneha visse fortrinn på den lingvistiske marknaden. Det vil seie at bokmål står i ein posisjon til å overta andre varietetar sine «marknadsandelar». Om ein trekkjer linjer til den faktiske marknaden, kan bokmål også ha visse fortrinn framfor nynorsk for å selje eit produkt. Stephen Walton, professor i nynorsk skriftkultur og forfattar, skreiv i *Norskklæraren* (1991, s 37):

Det finst knapt noko produkt som er så totalt mistilpassa, udugande og useljeleg på marknaden som nynorsken. Det var ikkje nokon som vart målmenneskje av di det var lønsamt [...] I eit marknadsstyrt Noreg ville nynorsken kjapt kvelast som synleg medspelar i samfunnslivet.

Bull (1997, s. 21) diskuterte dette utsegna:

Kva er det med nynorsken som gjør at han ikkje er marknadstilpassa? [...] om kva det er med nynorsken som gjør han useljelig, [vil eg] seie at svaret er at det er *ingenting med nynorsken*; det det *er* noko med, er *holdningane* til norske språkbrukarar.

Bull skuldar altså heller på haldningane til nynorsk, enn språket i seg sjølv. Tidlegare redaktør i *Os og Fusaposten*, Christian Fredrik Stabell, stilte seg kritisk til at bokmål blir sett på som meir marknadstilpassa, i masteroppgåva *Lokalavisa - nynorskbastion under press* (2010) av Bernt Eirik Nordvik: «Eg mislikjer sterkt *Bergens Tidende* sitt oppkjøp av lokalaviser i distrikta rundt Bergen, [...]. Eg trur også at nynorsken kan bli skadelidande dersom konsernet trur det er meir pengar å henta på å auka bokmålsprosenten» (Nordvik, 2010, s. 30). Ein kan tolke sitatet som at redaktøren hevdar at *Bergens Tidende* kan tenkje at bokmål har eit fortrinn på marknaden, og at dette er skadeleg for det nynorske skriftspråket.

Innanfor redaksjonane er det fastsette språklege normer som journalistane må rette seg etter. Dette kan vere normer som at ein skriv radikalt bokmål, at ein lar journalistane velje skriftspråk sjølve, eller at ein opnar opp for nynorsk innanfor visse kategoriar eller tilfelle. Korleis desse normene blir fastsett, kan variere frå avis til avis. I mange aviser er det redaktøren som bestemmer, medan i andre aviser kan det vere annleis. Dette kjem eg nærmere tilbake til i analysen, men ein gjengangar i redaksjonane som har blitt intervjua i samband med denne oppgåva, er at «det [den språklege praksisen] alltid har vore slik».

Ifølgje tal frå Kantar Forbruker & Media (2021) er *VG* Noreg sitt største mediehus, med *NRK* og *Dagbladet* like bak. Deretter kjem *TV 2*, *Aftenposten* og *Nettavisen*. Om ein ser på aviser målt i opplag, både trykt og digitalt, er *VG* framleis størst, etterfølgt av *Aftenposten*, *Dagbladet*, *Dagens Næringsliv* og *Bergens Tidende*. Desse store avisene har ein markert språkpolitikk ved at dei gjennomfører interne fastsette normer, og fører ulik språkpolitikk. *VG* og *Aftenposten* har hovudvekt på å skrive «moderat» bokmål, men *VG* har i fleire år hatt som praksis å ikkje redigere innsendt stoff. Det vil seie at debattantar som bruker nynorsk står fritt

til å skrive på nynorsk. *Aftenposten* kan gjere endringar i innsendt materiale (Aftenposten, 2021), men publiserer jamleg meiningsinnlegg på nynorsk, så dette vil ikkje seie at *Aftenposten* kjem til å omsetje all innsendt materiale som er skrivne på nynorsk. *Dagbladet* og *Dagens Næringsliv* har i utgangspunktet nokså lik praksis som *VG*, altså skriv dei på bokmål, men er opne for innhald frå eksterne skribentar og lesarinnlegg på nynorsk. *Nettavisen* og *TV 2* skriv også i hovudsak på bokmål. *Bergens Tidende* har derimot språkleg fridom for journalistane, men har ein uformell politikk om at saker frå Bergen vert skrivne på bokmål, medan saker om nynorskkommunar vert skrivne på nynorsk. *NRK* er den einaste av desse avisene som har eit krav om at 25 prosent av innhaldet i mediehuset sine kanalar, skal vere på nynorsk¹. Med andre ord står bokmål sterkest blant dei største avisene i Noreg.

2.3.3. Redaksjonane sine haldningar til skriftspråk

I 2005 hadde Noregs mållag ein kampanje kalla «Slepp nynorsken til», der målet var å få blant anna *Dagbladet* og *VG* til å sleppe nynorsk til i redaksjonelt stoff. Dåverande direktør i Språkrådet, Sylfest Lomheim, støtta denne aksjonen, og føreslo at avisar som nekta journalistane å skrive nynorsk, måtte bli tatt frå pressestøtte og momsfriftak (VG, 2005). Dette blei blankt avvist frå avisene, og fleire redaksjonar forsvarde seg med at dei har eit overordna prinsipp om å stå fram som konsekvente. For fleire avisar betyr dette éi norm og eitt skriftspråk (Ims, 2007, s. 45).

I 2001 skrev Oddmund Hoel følgjande om at nynorsk var fråverande i dei store avisene:

For å ta ein sving innom verstingane i Språk-Noreg, riksavisene, er det i dag vanskeleg å sjå kva *interesser* Schibsted og Orkla skulle ha av å halda nynorsken borte frå *VG*, *Aftenposten* og *Dagbladet*. Éi kanskje, og det er frykta for å mista nokre lesarar, noko dei neppe treng vera redde for, sidan den avisar som er fyrst ute, truleg vil gjera eit stort innhogg i den store marknaden av nynorskbrukarar som er glade for endeleg å få ei stor riksavis der dei finn sitt eige mål. (Hoel, 2001, s. 25)

At avisene ikkje trengte å frykte å miste lesarar, hadde nok Hoel rett i. I 2017 opna *VG* opp for saker på nynorsk, etter at dei fekk innlegg og kommentarar frå folk som ønskjer å skrive

¹ Desse opplysningane kjem fram i Sandøy (2008, s. 178), i tillegg til at eg har lese gjennom dei nemnde avisene og undersøkt skriftspråket i dei.

nynorsk, ifølgje eit intervju redaktør Gard Steiro gjorde med *NRK* (Stølen et al., 2017). *VG* vart med dette den riksavisa som var først ute med å opne opp for nynorsk, og redaktøren har seinare fortalt at han ikkje har mottatt éi klage direkte. Ein kan heller ikkje tenkje seg til at *VG* har mista mange leasarar på dette, då dei passerte *Aftenposten* og vart Noreg si største avis i 2020, ni år etter *Aftenposten* passerte *VG* på målingane. Året etter *VG* opna opp for nynorsk, opna *Aftenposten* også opp for å tillate nynorsk. Redaktør Espen Egil Hansen understreka at moderat bokmål framleis var det viktigaste språket i avisa, og at nynorsk i framtida også ville vere unnataket (Haugtrø, 2018). Dei nye retningslinjene kom som ein konsekvens av eit samarbeid *Aftenposten* hadde med *Bergens Tidende*, av ein ny generasjon journalistar og at mediekvarden var blitt meir mangfaldig. Hansen hevda også at det var umoderne å ha eit absolutt forbod mot nynorsk på redaksjonell plass i 2018 (sst.). I 2021 oppheva *TV 2* også nynorsk-forbodet sitt. Dette skjedde etter at *TV 2*-journalist Karen Anna Kleppe fortalte at ho ikkje fekk lov til å bruke nynorsk i artiklane sine på *TV 2* sine nettsider (Greger, 2021). Nyheitsredaktør Karianne Solbrække fortalte til *Framtida.no* at å fjerne forbodet «bare skulle mangle» (sst.). Det faktum at fleire av dei største riksavisene og nettstadane snur og tillèt nynorsk, viser at haldningane til nynorsk i nettavisar kan ha endra seg på eit nasjonalt plan. Likevel har *Dagbladet* framleis forbod mot nynorsk i redaksjonelle artiklar. At journalistar som ønskjer å skrive nynorsk og som meistrar skriftspråket, ikkje får lov til å skrive nynorsk i alle avisar, gjer nynorsk ekstra sjeldan som pressespråk og set nokre journalistar i ein situasjon der dei får ei form for yrkesforbod (Roksvold, 1994, s. 126).

Denne oppgåva har som hensikt å sjå på haldningar til nynorsk som formidlingsspråk i nettavisar, men eg vel også å kommentere kort haldningar til nynorsk i magasin. Dette på grunn av at nettavisar og magasin fell litt under same kategori, sidan mote- og interiørblad også nyttar eit mediespråk. I 2007 fekk dåverande redaktør i *Elle*, Signy Fardal, ei utfordring om å ha artiklar på nynorsk i bladet, noko ho sa ja til. Fram til då hadde dei ikkje hatt ein politikk som sa at dei *ikkje* skulle skrive på nynorsk, men dei hadde berre aldri gjort det tidlegare (Nynorsk Pressekontor, 2007). Fardal fekk Nynorsk redaktørpris i 2010 for dette forsøket, og magasinet fekk fleire positive tilbakemeldingar. Ifølgje Mediemållaget (2010) var ikkje nynorskprosjektet berre eit eingongstilfelle, men motemagasinet hadde jamt artiklar på nynorsk også tre og eit halvt år seinare.

2.4. Tidlegare studiar

Det er gjort fleire studiar knytt til haldningar til bokmål og nynorsk, i tillegg til særskilte studiar som er knytt til språk i aviser og andre medium. Eit utval av desse studiane blir trekt inn i analysen, og vert presentert i dette delkapittelet.

2.4.1. Studiar knytt til nynorsk versus bokmål

Gunnstein Akselberg gjorde ei undersøking der han såg på haldningar til nynorsk (1999, s. 9-22). Studien handla om valfridomen i nynorsk, og kva haldningar og praksis lærarane og elevane i den vidaregåande skulen hadde. Informantane var lærarar ved ein vidaregåande skule, studieretning for allmenne fag, i Bergensområdet. Dei fleste lærarane meiner at haldninga til nynorsk blant elevane er «middels god» (7 svar av 12), medan fem meiner at haldninga er «dårleg» (5 av 12) (Akselberg, 1999, s. 15). På spørsmål om kva for sider ved det nynorske skriftspråket som skapar negativ haldning til nynorsk hos eleven, legg dei fleste lærarane vekt på at den allmenne kultursituasjonen fremjar ei negativ haldning og at nynorsk manglar status. Lærarane fekk også spørsmål om kva som kan bli gjort for å skape betre haldning til nynorsk mellom elevane. Då svarer lærarane at elevane må bruke nynorsk meir, og nynorsk må bli nytta meir i media og i offentleg kommunikasjon (sst.). Sjølv om denne studien er frå 1999, samsvarer mange av resultata med nyare funn.

Bente Selback (2001) gjennomførte ei undersøking der ho såg på haldningar til nynorsk hos det ho kallar «vanlege språkbrukarar», i hovudoppgåva si. Selback har tatt utgangspunkt i eit sett hypotesar som gjeld samanhengen mellom alder og språkhaldningar, kjønn og språkhaldningar og yrke og språkhaldningar. Dei ulike gruppene fekk presentert utsegna «Ein bör bruke dei orda og bøyingsformene som er lettast å forstå i landet». 41,5 prosent var heilt einige i dette, og 23,4 prosent var litt einige. Dette tolkar Selback som at 41,5 prosent er svært negative til nynorsk, medan 23,4 prosent er litt negative til nynorsk. Samtidig viser 22,2 prosent at dei er ganske positive til nynorsk, medan 14,8 prosent er svært positive til nynorsk. Dette kan vere interessante tal å ta med seg inn i analysen av datamaterialet som har blitt samla inn i samband med denne oppgåva, for å sjå om det er nokre likskapar blant lesarane i klikkundersøkinga.

Masteroppgåva til Ingrid Wold, *Kvifor ikkje nynorsk?* (2018), er også ei relevant undersøking i denne samanhengen. I oppgåva gjer ho ein metaanalyse som syntetiserer, samanliknar og

deretter diskuterer sju rapportar om språkskifte blant elevar i randsoner. I analysen av materialet kjem ho fram til nokre oppfatningar om nynorsk versus bokmål blant skuleelevar. Blant anna oppfattar elevane nynorsk som unormalt, gamaldags, eit språk som passar for bøndene, ei belastning for samfunnet og ikkje minst som vanskeleg. Dette bidrar til at elevane vel bokmål som hovudmål. Ut frå analysen sin tolkar ho at elevane si språklege åtferd og språklege val kan bli forstått ut frå *habitus* og eksisterande mønster generert frå individua som er rundt dei, har vore rundt dei, og vil bli oppretthaldt av dei individua som kjem i framtida (Wold, 2018, s. 55). Ho viser også til fleire døme som tyder på at folk oppfattar nynorsk som noko mindre viktig (Wold, 2018, s. 56). Dette er interessante funn og forklaringar, som eg også kan ta i bruk i mitt datamateriale.

2.4.2. Studiar knytt til mediespråk

Kringkastingsringen og Noregs Mållag gjennomførte ei undersøking i 1994, som hadde tittelen *Er det plass til nynorsk? – om språket i norske aviser*. I undersøkinga ville dei finne ut korleis nynorsk stod som avisspråk då undersøkinga vart gjennomført. Resultatet viste at det er det moderate bokmålet som står sterkest i avisene. Blant dei avisene som brukte nynorsk, var tradisjonell nynorsk meir vanleg enn nynorsk som likna samnorsk (Alsnes, 1994, s. 8). Målet med undersøkinga var også å sjå om språket i avisene harmonerte med talespråket i distriktet og språket til journalistane. Redaksjonane sa at dei ønskte å leggje språket opp mot dialekten i distriktet der avisene blei gjeven ut. Det er interessant å sjå om redaksjonane har den same tankegangen i dag, altså at bokmål står sterkest, og at redaksjonane ønsker å leggje språket opp mot dialekten i distriktet der avisene blir gjeven ut, ettersom det er ein viss avstand i tid sidan studien vart gjort.

I 1999 undersøkte Thore Roksvold (1999) kva syn journalistar og leesarar har på den språklege valfridommen. Utvalet til Roksvold består av journalistar, journaliststudentar, tilsette i Telenor og norsklærarar. Dei tilsette i Telenor og norsklærarane har svart på spørsmåla som leesarar. Resultatet av undersøkinga hans viser at ei felles standardspråknorm ser ut til å vere mykje viktigare for journalistar enn for dei andre respondentane. Han finn også ut at mannlege respondentar i større grad enn kvinnelege respondentar vil ha ei felles språknorm i redaksjonane. Samstundes viser undersøkinga at yngre er mindre opptatte av felles språknorm enn eldre (Roksvold, 1999, s. 205). I prosjektet mitt har alle redaktørane fått spørsmål om dei «nokon gong har fått kommentarar frå journalistar på skriftspråket?». Då vil det vere hensiktsmessig å ha resultatet frå Roksvold si undersøking i bakhovudet.

Ingunn Indrebø Ims si masteroppgåve frå 2007: *Det er vi som bestemmer åssen folk snakker og skriver*, er ei undersøking av norske aviser sine språknormative prinsipp og praksisar. Gjennom spørjeundersøking og intervju ville ho kartleggje kva språknormativ praksis som prega norske avisredaksjonar i 2007, og kva prinsipp som ligg til grunn for normeringspraksisen. 126 aviser deltok i studien. Funna viste at regionaviser som berre har bokmål som redaksjonelt skriftspråk og som i tillegg har dekningsområde på Austlandet, har i større grad enn andre aviser adoptert skriftspråknormalen til NTB (Norsk Telegrambyrå) som intern norm (Ims, 2007, s. 193). Tidlegare studiar har avdekkat at avisredaksjonane har eit ønske om at skriftspråket skal speile talemålet til leserane. Denne tendensen kom også tydeleg fram i masteroppgåva til Ims. Det er dei nynorske lokalavisene som i størst grad ønskjer å leggje skriftspråket i avis opp mot lokal dialekt (Ims, 2007, s. 194). 60 prosent av regions- og lokalavisene som bruker bokmål, rapporterer også om at eit talemålsnært skriftspråk er eit mål. Gjennom djupneintervju med sju aviser kjem det fram at avisene vil ta omsyn til leserane, og det er bakgrunnen til skriftspråket i avisene (sst.). Dette vil eg ta med inn i analysen av mitt datamateriale.

Ein av studiane som kanskje har mest til felles med mi eiga oppgåve, er ei haldningsundersøking utført av Språkrådet i samarbeid med NRK i 2009. Undersøkinga vart gjort blant publikum, og undersøkte deira haldningar til språket i NRK, både i radio og TV. Språkrådet og NRK skulle avdekkje haldningar om bruk av dialekt, bokmål, nynorsk og norsk med utanlandske aksent. Resultata viste at nordmenn er allment dialektvennlege, i alle fall gir dei uttrykk for det i undersøkinga. Tre av fire meinte dialekt kunne bli brukt i riksdekkjande sendingar (Kulbrandstad, 2009, s. 2). Det var relativt små geografiske forskjellar, så kvar ein bur i landet, har tilsynelatande ikkje mykje å seie for kva ein meiner om programleiarar som snakkar aksentprega norsk eller dialekt (Kulbrandstad, 2009, s. 3). Resultata viste at det var kvinner i aldersgruppa 30-44 som hadde mest positive haldningar til norsk med utanlandske aksent, medan dei yngste respondentane var mest positive til bruk av dialekt (sst.). Dette er ei undersøking om talemål, medan oppgåva mi skal undersøke haldningar til skriftspråk. Likevel kan fleire av resultata vere relevante i analysen min. Kva val gjer leserane når dei får opp ei sak på høvesvis nynorsk- og bokmålssaker, og kva seier desse reaksjonane om haldningane til leserane?

Bernt Eirik Nordvik har gjennomført ei undersøking der han tar eit språkkulturelt blikk på avisene *Vestnytt* og *Os og Fusaposten*. I oppgåva ser han nærare på språkval og språkoppsfatningar knytt til dei to lokalavisene, som begge vert gjevne ut i område der nynorsken er under press (Nordvik, 2010, s. 4). Metoden han brukte, var intervju med journalistar i dei to lokalavisene, og redaktørane. I intervjeta ville Nordvik avdekke ulike språkhaldningar blant journalistane og redaktørane, og ulike opplevingar dei har hatt med nynorsk i nyheitsbiletet. Fleire av intervjeta får fram poeng som er interessante og relevante for analysane mine, som blir trekt fram vidare i oppgåva.

3. Metode

3.1. Oversikt over metodane

Det første steget i oppgåva var å lande på metodar som var hensiktsmessige for problemstillinga som skulle bli undersøkt. Det er vanleg å skilje mellom to hovudtypar metodar: kvantitative og kvalitative metodar. Mæhlum (1997) peiker på at det kvantitative paradigmet tradisjonelt sett har stått sterkest innan norsk sosiolingvistikk, men i seinare sosiolingvistikk har det blitt vanlegare å kombinere desse to metodane. Eg har valt å gjennomføre ei klikkundersøking og intervju, som er både ei kvantitativ og ei kvalitativ undersøking. Klikkundersøkinga er kvantitativ på den måten at data er teljelege, som vil seie at dei kan bli kategorisert slik at ein kan telje opp kor mange som gjev ulike svar (Larsen, 2017, s. 25). Intervju er kvalitativ metode, då data seier noko om eigenskapar hos det undersøkte fenomenet, altså haldningar til nynorsk som formidlingsspråk i nyheitsmedia. Begge tar sikte på å kaste lys over haldningar rundt nynorsk i nettavisar.

Det var eit medvitent val å inkludere begge metodane, også kalla metodetriangulering. Metodetriangulering inneber at ei bestemt undersøking er basert på ein kombinasjon av ulike data og metodar, og at ein lyser på problemstillinga ved hjelp av ulike synspunkt og frå ulike synsvinklar (Grønmo, 2016, s. 67). I denne oppgåva blir problemstillinga kasta lys over ved hjelp av teljelege data basert på lesarane sine handlingar, og ikkje-teljelege data som er basert på redaktørane sine opplevingar og meininger. Ifølgje Grønmo (2016, s. 68) er det hensiktsmessig å kombinere metodar, ettersom samfunnsforhold er komplekse. I artikkelen «Kvalitativ eller kvantitativ sosiolingvistikk» diskuterer Akselberg (1997) motsetningane mellom dei to retningane, kvantitativ og kvalitativ, og kva for metode sosiolingvistikken er mest tent med. Akselberg (1997, s. 24) skriv: «Kvar på sitt vis har desse metodane gjeve oss

verdfull kunnskap om og innsikt i relasjonane mellom dei språklege variablane og dei sosiale faktorane». Til saman kan kombinasjonen av metodar gje grunnlag for ei meir allsidig opplysing av dei fenomena som blir studert, enn dei enkelte metodane kan gjere kvar for seg.

Ein annan grunn til at valet fall på to metodar, er ettersom det er eit mål innan forsking å sikre høg grad av reliabilitet og validitet. Reliabilitet betyr pålitelegheit og gjeld kvaliteten i innsamlinga, arbeidet med data og analysen, medan validitet handlar om gyldigheit eller relevans (Østbye et al., 2007, s. 25-26). Ønsket om høg definisjonsmessig validitet kan kome i konflikt med ønsket om høg reliabilitet: Det kan vere vanskeleg å maksimere begge i same undersøking (sst.). Generelt kan ein seie at kvantitativ analyse har styrken sin når det gjeld å halde høg reliabilitet, medan kvalitativ analyse kanskje kan bringe forskaren tettare inn mot kjernen av dei teoretiske omgrepa, og med det skåre høgt på definisjonsmessig validitet (sst.). Med andre ord er det hensiktsmessig å blande kvantitative og kvalitative metodar, med tanke på validitet og reliabilitet. Metodetriangulering kan då vere gunstig, då det gjev moglegheit for teorimangfold, bidrar til å styrke tilliten til metodane og resultata i ein bestemt studie, og kan danne grunnlag for fagleg fornying (Grønmo, 2016, s. 68). Dersom ein samanliknar desse to metodane, ser vi at dei begge har sterke og svake sider, vurdert etter kva for fagleg og metodisk ståstad ein måtte ha. Dette kjem til uttrykk seinare i oppgåva, i 3.2. og 3.3.

3.2. Klikkundersøking

Sidan dette er ei haldningsundersøking, er det sentralt å velje metodar som nettopp kan avdekke haldningane til lesarar. Etter at eg hadde bestemt meg for å skrive om nynorsk som mediespråk, fann eg ut at eg ville høyre med ei avis om det kunne vore mogleg å gjere ei såkalla A/B-testing av saker, der halvparten av lesarane fekk ei sak på nynorsk, medan den andre halvparten fekk same sak på bokmål. Ein førespurnad vart send på e-post til Gunnar Stavrum, ansvarleg redaktør i *Nettavisen*. Grunnen til at valet fall på *Nettavisen*, var at eg sjølv har vore tilsett i mediehuset Amedia som *Nettavisen* er ein del av, og har difor erfart at A/B-testing av titlar er ein vanleg praksis i mediehuset. Dette er ein test kor ein ved tilfeldig utval undersøker to grupper for to eller fleire variantar. Ein kan til dømes sende ut tre ulike titlar til lesarane, der ulike IP-adresser får opp ulike titlar, og ein får resultat på kor mange prosent som klikkar inn på dei ulike titlane. *Nettavisen* er også den avis i Amedia som har flest lesarar, og lesarane er spreidde ut over heile landet. Dette fører til at data vil bli mest valide og representative for heile landet, enn om testen blir gjennomført i ei avis i

kjerneområdet til nynorsk, eller til dømes i ei avis i Trøndelag, som har svært få nynorskbrukarar (Foss, 2022). Eg fekk positivt svar på førespurnaden, og redaktøren sette saman ei lita gruppe med tilsette som skulle hjelpe meg. I tillegg til dette gjorde *Nettavisen* ein avtale med Nynorsk Pressekontor (NPK), som skulle omsetje saker for dei. NPK er den nynorske versjonen av NTB-språket, som mange aviser rettar seg etter. Den positive responsen frå start gjorde sjølve prosessen med materialinnsamling mykje enklare.

Vidare spurte eg fleire aviser, både nynorskaviser og bokmålaviser, om dei ville bli med på testinga. Ei avis svarte at dei ikkje ønskte å spreie redaksjonelt innhald på bokmål. Ei anna avis svarte det motsett: Dei publiserte berre saker på bokmål, og var ikkje klar for å endre den redaksjonelle linja på dette. Ei tredje avis svarte at dei ikkje såg poenget med å teste kva folk i eit bokmålsområde synest om nynorsk. At tre av dei sju avisene som blei spurta, uttrykte negativitet rundt å dele innhald på motsett skriftspråk, vil bli brukt som argumentasjon i analysen. Dei resterande avisene svarte ikkje på førespurnaden.

Deretter gjennomførte *Nettavisen* testen. Sjølv om A/B-testing av titlar er praksis i Amedia, er det ikkje eit system som kan sende ut same sak på to forskjellige skriftspråk, for så å samle inn to ulike statistikkar på desse. Difor lagde *Nettavisen* to versjonar av same sak, ein versjon på bokmål og ein versjon på nynorsk. I ein periode på to timer kvar dag byta bokmålsversjonane og nynorskversjonane plass på fronten, altså på framsida når ein går inn på nettstaden til avisa (nettavisen.no), med eit kvarter kvar. Det vil seie at nynorskversjonen til dømes kunne ligge ute frå 09.00-09.15, bokmålsversjonen frå 09.15-09.30, og så nynorskversjonen igjen. Det vart veksla på kva skriftspråk som vart lagt ut først.

Testen vart gjennomført i tidsperioden 15. – 18. februar 2022, på fire artiklar innanfor fire ulike stoffkategoriar: sport, økonomi, kjendis og politisk kommentar. Det vart bestemt frå mi side og *Nettavisen* si side at vi skulle teste nynorsk versus bokmål på fire saker. Dette var av fleire grunnar. For det første er det fleire tusen som klikkar seg inn på kvar sak *Nettavisen* publiserer, og dei hadde ein dagleg lesarskare på 499.000 i siste kvartal av 2021 (Mediebedriftenes Landsforening, 2022). Det vil seie at det er potensielt mange informantar per sak, noko som gjer at tala kan seiast å ha høg gyldigheit. Kvar enkelt informant gjer eit val når dei trykker på saka og når dei går ut av saka. Vidare er det tidkrevjande å halde på med testinga, både fordi ein må omsetje sakene, passe på at sakene er like lenge på front, og samle inn statistikken. *Nettavisen* uttrykte gjennom ein e-post at dei skulle ønske at dei hadde tid og

ressursar til å teste på fleire saker, men at dei ikkje hadde det. Fire saker kan også gje innsikt i om det er skilnadar på korleis sakene vart tatt i mot i ulike stoffkategoriar: sport, økonomi, kjendis og politisk kommentar. Det må nemnast at individuelle saker kan trekke lesarar veldig uavhengig av stoffkategori, så ein kan ikkje peike på at stoffkategorien i seg sjølv er grunnen til at saka blir opp- eller nedprioritert, men det kan vise små tendensar.

Etter testen fekk eg tilsendt resultata i eit Excel-dokument på e-post med oversikt over «sidevisningar», «artikkelskroll», som vil seie kor langt lesaren skollar i artikkelen, «fråfall», som vil seie kor stor prosentdel som gjekk ut av artikkelen dei første fem sekunda dei var inne, «fullført artikkel», altså kor mange som fullførte artikkelen og «visningstid»², som mäter kor lang tid personane brukte på å lese artikkelen. Desse målingane vil eg gjere meir omfattande greie for i analysen. Som nemnt tidlegare er det eit mål å sikre grad av validitet innan forsking. I dette tilfellet, ved at eg har tatt i bruk ein kvantitativ metode, kan ein seie at validitet handlar om at vi mäter det vi faktisk skal måle (Larsen, 2017, s. 45). I denne testinga vil det seie at testinga faktisk mäter enkeltpersonar sine handlingar i sakene.

Denne delen av studien hadde som føremål å undersøke korleis nynorsk blir mottatt av lesarane. Ettersom eg blant anna ønskte å gjere ei statistisk representativ undersøking, brukte eg kvantitativ metode. Klikkundersøkinga som blei gjennomført, er ei form for kvantitativ metode, då undersøkinga gjev data som er ein kan telje, og som gjev eit tal som resultat (Larsen, 2017, s. 25).

Kvantitative metodar er altså aktuelle i analysefasen, då datamaterialet er sentralt når ein skal sjå etter mønster i det språklege og sosiale materialet, og relatere desse to datagruppene til kvarandre (Akselberg, 1997, s. 26). Karakteristiske trekk ved den kvantitative metoden er blant anna at forskaren forsøker å gje eit nøyaktig bilet av variasjonen som blir undersøkt, ein får opplysningar om mange undersøkte einingar og at forskaren kan halde seg nøytral (Akselberg, 1997, s. 27). Ettersom eg nettopp var ute etter eit bilet av korleis nynorsk blir mottatt av lesarane, utan å la mine hypotesar spele inn, valte eg å ha med ei kvantitativ undersøking.

² Originaltermane for målingane er «page views», «article scroll», «quick exit», «completed article» and «view time», men dei norske variantane av termane vil bli brukt i oppgåva.

Under innsamlingsfasen vel ein ein metode som kan måle dei sosiale faktorane ein vil studere (Akselberg, 1997, s. 25). I dette tilfellet valte eg denne klickundersøkinga. Om ein nyttar slike sosiale tilnærmingar, oppstår det nokre operasjonalisering- og kvantifiseringsproblem (sst.). Akselberg (1997, s. 25) peikar på at det er vanskeleg å finne ut korleis ein skal måle ulike sosiale tilnærmingar på best måte. Det finst nok fleire måtar å gjennomføre ei lik klickundersøking som denne på, men frå ståstadens min blei denne løysinga den beste, med tanke på at eg hadde kjennskap til systemet, og *Nettavisen* var den avis med mest spreidde lesarar geografisk sett.

3.3. Intervju med redaktørar

Redaktørar er blant dei som dagleg nyttar språket i arbeidskvardagen sin. Ikkje berre bruker dei språket, men det er hovudreiskapen i jobben deira. Sidan språk spelar ei så stor rolle i arbeidet deira, kan ein tenkje seg til at dei har særleg høg medvit om og interesse for språk og språkbruk. Gjennom samtalar med noverande redaktørar vil eg prøve å avdekke redaktørane sine opplevelingar rundt haldningar til nynorsk i avisar som har ulik praksis til skriftspråk, og kva tankar dei har rundt lesarane sine reaksjonar til dei ulike skriftspråka. Eg vil sjå språkhaldningar i nettavisar frå deira ståstad. For å få samanliknbare data valte eg å gjennomføre intervju med redaktørar i ulike landsdelar. Sjølve rekrutteringar av informantar gjekk føre seg ved at eg kontakta aktuelle redaktørar. Tanken var å intervju minst éin redaktør i kvar landsdel, som ikkje alle var i same mediehus. Ulike mediehus kan ha ulike språkpolitiske retningslinjer, og tanken var at den beste måten å avdekke dei generelle haldningane til skriftspråka på var å intervju redaktørar i ulike mediehus og ulike landsdelar. Ut frå dette vart informantane tilfeldig valt. Det vil seie at det ikkje var noko særleg tanke bak akkurat kva avisar eg kontakta innanfor dei ulike landsdelane og mediehusa. Eg sendte ut førespurnad på e-post til ulike redaktørar eg kunne tenkje meg å intervju, der eg presenterte prosjektet, sa kva eg ville ha ut av intervjuet og fortalte om etiske omsyn som blei tatt. Dei fleste redaktørane stilte seg positive med ein gong, og det var ikkje mange førespurnadar som vart sendt ut, før eg hadde fått avtale med ein redaktør frå kvar landsdel.

Informantane var redaktørar i ei avis i Nord-Norge, som i det vidare blir omtalt som «avis Nord», Sør-Norge («avis Sør»), Vest-Norge («avis Vest»), Midt-Norge («avis Midt») og ei nasjonal avis («avis Riks»). Grunnen til at eg ville ha minst éi nasjonal avis, var at desse har større mangfold blant lesarane, deriblant fleire nynorskbrukarar, medan lokalavisene

representerer landsdelane. Av avisene eg intervjuia, ville eg ha minst éi avis som brukte bokmål som skriftspråk, minst éi som brukte nynorsk, og minst éi som godtok begge. Til slutt enda eg opp med to aviser som skriv artiklane sine på bokmål, avis Nord og avis Midt, éi som skriv artiklane sine på nynorsk, avis Vest, og to som godtar begge, avis Sør og avis Riks. Avis Midt har tett samarbeid med éin journalist som skriv halvparten av sakene sine på nynorsk, så i ny og ne kan det kome artiklar på nynorsk hos denne avisana, men redaktøren svarte at bokmål var skriftspråket.

Før ein byrjar med sjølve intervjuet, er ein forskingsetisk forplikta til å forsikre seg om at informanten kjenner til kva prosjektet går ut på, og kva deltaking i prosjektet inneber. Innanfor forskinga er det nemleg eit eige sett av etiske normer som er utforma med tanke på informantane. Hovudinhaldet er at informantane skal bli informert om formålet og opplegget, dei kan sjølv velje om dei vil delta og om dei eventuelt vil avbryte deltakinga, dei skal ikkje bli utsatt for fysiske eller psykiske skadeverknader, og informasjonen om enkeltpersonane skal bli behandla konfidensielt (NESH, 2021). Informantane som vart intervjuia til denne oppgåva, valte alle sjølve om dei ville delta ved at eg spurte dei gjennom ein e-post, og dei valte sjølve om dei ville takke ja eller nei. I e-posten informerte eg også om prosjektet, og kva intervjuet kom til å handle om. Om informantane takka ja, fekk dei meir informasjon om spørsmåla som skulle bli stilt i forkant av intervjuet. Informantane vart informert om at spørsmåla kunne endre seg undervegs i intervjuet, men at dei ikkje var tvinga til å svare på det dei blei spurt om. Dei vart også informert om at dei kunne trekke seg når som helst.

I forkant av eit intervju er det mykje ein må førebu. Intervjuaren må på førehand skaffe seg innsikt og kompetanse på feltet (Østbye, 2007, s. 101). Eg såg på det som relevant å ha informasjon i kva skriftspråk dei gjeldande avisene brukte, og eventuelt når dei gjorde endringar i skriftspråkspolitikken sin. Ifølgje Østbye (2007, s. 101) kan det ofte vere nyttig for intervjuaren å gå inn i ei rolle som lærling. Denne rolla, kombinert med ei evne til aktiv lytting og korte oppfølgingsspørsmål vil kunne gje informasjon og innsikt forskaren elles ikkje kan få tak i. Omgivnadane og situasjonen der intervjuia føregår, må også bli vurdert i førekant av intervjuet. Eg bestemte meg for å ha intervjuet over Google Meet, av praktiske grunnar knytt til koronapandemien. Ved å ha intervjuet over Google Meet får ein moglegheit til å bruke kroppsspråk, til dømes å nikke for å få informanten til å snakke vidare i ei allereie påbyrja retning, som er nokre av samtaleaspektata som eit godt intervju er avhengig av (Tjora,

2017, s. 169). På den andre sida kan det verke tryggare for informanten å møte intervjuaren på «ekte», ansikt til ansikt. Sjølv om det ikkje er mest hensiktsmessig å intervjuet informantane over PC-en, var dette den beste løysinga, då eg ville ha informantar frå ulike stader i Noreg. Eit av intervjuet var over telefon, etter ønske frå informanten. Informantane blei spurta om å setje av ein time til intervjuet. Intervjuet kom nok ikkje til å ta ein time, men ettersom informantane er travle redaktørar, gjorde det at vi framleis hadde tid til å samtale etter eventuelle forstyrningar. Det var berre meg og informanten til stades i kvar av intervjuasjonane.

Også gangen i intervjuet må bli planlagt før intervjuet blir halde (Østbye, 2007, s. 101). I denne oppgåva valte eg å ta i bruk semistrukturerte intervju. Semistrukturerte intervju har som kjenneteikn at tema det skal bli spurta om, er definert på førehand, gjerne gjennom ein utarbeida intervju-guide. Denne intervjuforma gjev stor grad av fleksibilitet, ved at ein stiller oppfølgingsspørsmål eller ber intervjuobjektet om å utdjupe svaret (Østbye, 2007, s. 100). Grunnen til at valet fall på nettopp denne forma, var fordi eg ville avdekke redaktørane sine opplevingar rundt haldninga til nynorsk i avisene som har ulik praksis til skriftspråk. Det vil seie at det var visse spørsmål som berre var relevante å stille redaktørane i avisene som skreiv begge skriftspråk, medan andre spørsmål var berre relevante å stille redaktørane i avisene som berre skreiv bokmål eller nynorsk. Det var difor ikkje hensiktsmessig å ha eit strukturert intervju der alle redaktørane fekk same spørsmål, og det var heller ikkje hensiktsmessig å ha eit ustukturert intervju der spørsmåla var i liten grad definert, ettersom nokre spørsmål var relevant å stille for å få svar på problemstillinga. Rekkefølga på spørsmåla har også mykje å seie for at informanten skal føle seg komfortabel. Idealet er at intervjuet går som ein vanleg samtale (Grønmo, 2016, s. 171). Det vil difor vere naturleg å starte med konkrete, enkle og ikkje kritiske eller kontroversielle spørsmål (sst.). Eg valte å starte med spørsmålet: «Kva skriftspråk skriv de i redaksjonen?». Etter kvart kan spørsmål som krev større grad av refleksjon og ettertanke, kome, slik som: «Korleis trur du lesarane hadde reagert om de hadde skifta skriftspråk eller byrja å skrive begge?». Mot slutten, men ikkje heilt til sist, kan ein stille eventuelle kritiske og kontroversielle spørsmål (sst.). Til slutt bør ein avslutte med eit spørsmål som gjer at informanten kan seie ting han eller ho ikkje har fått sagt endå, eller kjem på som relevant for oppgåva. Valet falt på: «Er det noko du føler du ikkje har fått sagt?», eller «Er det noko meir du vil leggje til?».

Intervjua vart gjennomførte i tidsrommet 26. januar til 17. februar 2022. Lengda på intervjeta varierte litt, men dei fleste varte i rundt 20 minutt. Under kvalitative intervju er det viktig å dokumentere kva som faktisk blir sagt. I denne samanhengen fann eg det mest hensiktsmessig å notere på PC under intervjuet, blant anna fordi intervjuet var over Google Meet, og det kan vere vanskeleg å høre kva informanten seier under eit eventuelt opptak. I tillegg sikrar det anonymitet blant informantane ved å notere på PC, slik at eit eventuelt taleopptak av informantane, som kan gje dei til kjenne, ikkje kjem på avvege. I tillegg kan informanten føle seg hemma av utstyr som mikrofon, noko som ikkje var ønskeleg frå mi side (Grønmo, 2016, s. 171). Ettersom det ikkje vart lagra taleopptak og informantane heller ikkje vart omtalt med opplysningar som kunne gjere dei til kjenne, slapp eg å søke godkjenning hos Norsk senter for forskningsdata (NSD). Dette vart avklart i ein samtale med NSD på førehand. Eg skreiv ikkje nokre personopplysningar om intervjuobjektet på notatarket, men alle fekk ein kode: «avis Nord», «avis Sør» og så vidare. Det kan vere noko utfordrande å notere det som blir sagt av både forskaren sjølv og informanten, samtidig som ein skal lytte til informanten, tolke svare, formulere nye spørsmål og styre intervjuet si utvikling (Grønmo, 2016, s. 171-172). Sjølv har eg jobba nokre år som journalist, og er difor svært vand til å gjere intervju over telefon, notere og stille oppfølgingsspørsmål. Difor såg eg ikkje på notering som eit problem. Eg noterte i korte setningar undervegs i intervjuet, som berre inneholdt hovudessensen i ytringa til redaktørane. Så raskt som mogleg etter intervjuet utarbeidde eg fullstendige notat. Totalt utgjer intervjeta 13 transkriberte sider. Nokre gongar sa informantane opplysningar som gjorde informantane identifiserbare, slik som kva kommune avis låg i eller namnet på avis. Då valte eg å heller skrive «i dette området» eller «i denne avis» for å ta vare på anonymiteten til informanten. Etter intervjuet spurte eg om informanten ville lese gjennom intervjuet, korrigere og godkjenne. Som grunnlag for analyse har intervjeta blitt behandla i heilskap, ved at eg har prøvd å dra ut essensen i samtalane for å svare på problemstillinga.

Kvalitative intervju er ein av fleire teknikkar innanfor kvalitativ metode i humaniora (Østbye, 2007, s. 96). Den kvalitative metoden definerer samfunnsforskar og statistikar, Ottar Hellevik, slik:

Metoder der forskeren gjør en mindre systematisk [...] bruk av data for å besvare et empirisk spørsmål. Han baserer seg på sin evne til å leve seg inn og oppfatte et mønster i det mangfoldet av sanseinntrykk han mottar, i stedet for å trekke ut et begrenset antall

aspekter ved helheten, og så måle og analysere dem ved hjelp av tall. (Hellevik, 1977, s. 8)

Ifølgje Østbye (2007, s. 97) blir intervju ofte brukt innan medievitskap for å analysere produksjon og mottaking av medietekstar og medieaktørar sine strategiar, noko som også var tilfelle i denne undersøkinga. Intervju er også eigna for historisk analyse, om det gjeld publikum sine opplevelingar, aktørar sine drøftingar og slutningar. Ettersom denne delen av undersøkinga tok sikte på å kartleggje haldningane knytt til bruken av nynorsk og bokmål i nettavisar, var det hensiktsmessig å bruke intervju som metode.

Intervjuet gav innsikt i haldningar, meiningar og erfaringar redaktørane hadde, noko som er nokre av dei positive sidene ved å bruke intervju som metode (Tjora, 2017, s. 113). Ein annan grunn til at intervju er fordelaktig, er at det tillåt tovegskommunikasjon med informanten. Det betyr at eg som intervjuar kan stille tilleggsspørsmål om noko er uavklart (Johannessen, 2003, s. 137), eller få stadfesta at tolkinga mi av svaret stemte eller ikkje stemte. Karakteristiske trekk ved denne metoden er blant anna at forskaren prøver å gje eit innlevt biletet av variasjonen som blir undersøkt, det er meir unstrukturerte og usystematiske observasjonar og forskaren deltar sjølv i innsamlinga (Akselberg, 1997, s. 28).

Ei typisk utfordring med intervju er at forskaren kan påverke svara som informanten gjev. Forskaren kan oppstre på ein måte som stimulerer eller provoserer intervjuobjektet til å svare på ein bestemt måte (Grønmo, 2016, s. 173). Til dømes kan forskaren stille spørsmål som kan virke leiande, slik som: «Valte de dette skriftspråket basert på kor godt mottatt det blir av leserane?» i staden for: «Kva er bakgrunnen til at de valte dette skriftspråket?». Dette var noko eg var førebudd på før intervjuet, og utforma difor spørsmåla slik at dei vart så opne som mogleg. Opne spørsmål kan også skape ein situasjon der informanten kan kome inn på tema som forskaren ikkje nødvendigvis hadde tenkt ut på førehand, men som framleis kan vere relevant for problemstillinga, samtidig som det gjev informanten moglegheit til å gå i djupna der informanten har mykje å fortelje (Tjora, 2017, s. 114). Ei anna utfordring er at informantane kan gje feilaktige opplysningar om eigne handlingar eller haldningar fordi dei ønskjer å framstille seg sjølv i eit spesielt gunstig lys overfor forskaren (sst.). Dette var noko eg vurderte i det endelige datamaterialet, men eg såg ikkje på det som eit stort problem, med tanke på at tema i intervjuet ikkje var kontroversielle, belastande eller avvikande ut frå

dominerande sosiale normer. I tillegg til dette var intervjuobjektet var anonymt i oppgåva, og det difor ikkje hadde noko å seie for deira del kva haldningar dei hadde til temaet.

4. Resultat frå klikkundersøking

Dette kapittelet har som føremål å presentere funna frå den kvantitative undersøkinga, som er basert på ei klikkundersøking gjennomført i *Nettavisen* (3.2.).

Statistikken vart henta inn ved hjelp av dataanalyseprogrammet *Linkpulse*, som er eit dataanalyseprogram som blir brukt av fleire aviser. Talet på sidevisningar er presentert i reine tal. Dette viser kor mange informantar som har deltatt i undersøkinga. Dei andre målingane som er undersøkt, er presentert i prosentdelar og sekund. *Linkpulse* presenterer statistikken sin på denne måten, ved at noko blir presentert i reine tal, medan andre målingar blir presentert i prosentdel.

Alle sakene som var skrivne på nynorsk, inneheldt nynorske ord i overskrifta på framsida, i varierande grad. Lesarane hadde med andre ord klare nok signal frå overskrifta at saka var på nynorsk. Saka det var lettast å sjå frå hovudoverskrifta at det var ei sak på nynorsk, var den politiske kommentaren «Eit urettferdig system blir ikkje betre ved å gjere det endå meir urettferdig». Sportssaka var den som var minst tydeleg på nynorsk, då det einaste ordet i overskrifta som berre blir brukt på nynorsk, var *eg*.

Først blir gjennomsnittet av dei fire sakene presentert. Det er desse resultata som er mest interessante, då hovudmålet til oppgåva er å finne ut korleis nynorsk blir mottatt av lesarane. Seinare i oppgåva vil tala frå gjennomsnittet bli analysert ut frå teori og kvalitative data.

4.1. Gjennomsnitt

Mål	Sidevisningar	Artikkelskroll	Fråfall	Fullført artikkel	Visningstid
Bokmål	4047	43,25	9,24	13,04	62,75
Nynorsk	3083	43,75	9,96	16,38	70,50

4.1.1. Sidevisningar

Klikkundersøkinga målte fleire målingar, som blir målt i alle saker som blir publisert i nettavisar som bruker *Linkpulse*. Det første ei slik måling måler, er kor mange som trykker seg inn på saka. Målinga er målt i tal personar. Det er ikkje til å leggje skjul på at redaktørar og journalistar vil at stoffet deira skal bli lest av mange, og difor er sidevisningar ei av dei viktigaste målingane ein måler. Eit første motiv som kjem tydeleg fram i desse tabellane, er at det er fleire som trykker inn på bokmålssakene i forhold til nynorsksakene, noko som stemmer overeins med hypotese 1: *Sakene på nynorsk har færre sidevisningar enn dei same sakene på bokmål*. Det er i snitt 964 fleire som les bokmålssakene i forhold til nynorsksakene, som utgjer ein prosentdelforskjell på 31,3 prosent. Dette talet kan vike litt frå realiteten, då nokre personar har familiebrukar. Det betyr at det kan vere fem personar på ein brukar, der alle går inn på saka, men det vil berre bli vist på statistikken som éin person. Dette gjeld for både målformene, så ein kan rekne med at det «nullar» seg ut. I tillegg kan nokre personar gå innom saka fleire gongar, men dette blir heller ikkje talt med.

4.1.2. Artikkelskroll

«Artikkelskroll» viser kor langt lesarane har «skrolla», altså kor langt ned i saka lesarane les, før dei eventuelt går ut av saka. Tala her viser at lesarane skrollar litt lengre på nynorsk enn bokmål. Det var nokså liten forskjell på artikkelskroll mellom dei to skriftspråka: 43,25 prosent på bokmål mot 43,75 prosent på nynorsk, som vil seie at på begge skriftspråk skrollar lesarane i gjennomsnitt nesten halve saka. Det er ein forskjell på 0,5 prosentpoeng mellom sakene, så ein kan konkludere med at ein ikkje finn noko merkbar skilnad mellom dei to målformene.

4.1.3. Fråfall

«Fråfall» er delen lesarar som går ut av artikkelen før det har gått fem sekund. Dette er målt i prosent. Denne viser at 9,24 prosent av dei som les sakene på bokmål, går ut før det har gått fem sekund. Prosenten er litt høgare på nynorsk, der resultatet viser at 9,96 prosent går ut før det har gått fem sekund, altså ein forskjell på 0,72 prosentpoeng. Dette er ikkje ein veldig stor forskjell, ettersom 0,72 prosent av alle som trykte på saka er 51,3 visningar. Altså er det i snitt 51,3 fleire som har gått ut av sakene på nynorsk, i forhold til sakene på bokmål. Ettersom det i snitt er 7130 personer som les sakene, er ikkje dette eit veldig høgt tal. Lesarane som går ut av

sakene dei første fem sekunda, vert ikkje telt med i dei andre statistikkane. Det vil seie at sidevisningstalet viser alle lesarane som har vore inne på saka i over fem sekund.

4.1.4. Fullført artikkel

«Completed article», eller «fullført artikkkel», måler kor mange prosent av lesarane som fullfører heile artikkelen. Av totalt 4047 sidevisningar på bokmål, fullførte 13,04 prosent. Tilsvarande på nynorsk fullførte 16,38 prosent av lesarane. 3,34 prosentpoeng fleire er ikkje ein veldig stor forskjell mellom dei to skriftspråka, men det er samtidig ein større verdi enn dei andre målingane har målt. Det er difor størst forskjell mellom dei to skriftspråka innan denne kategorien, når ein ser på prosentmålingane: artikkelskroll, fråfall og fullført artikkkel.

4.1.5. Visningstid

Til slutt målte undersøkinga «view time», eller «visningstid». Visningstid måler gjennomsnittlege sekund for alle sidevisningane på artikkeltrafikken. Resultata her er også merkbart høgare for nynorsk. Nynorsklesarane brukte i gjennomsnitt 70,5 sekund på å lese ein artikkkel, medan bokmålslesarane brukte 62,75 sekund i gjennomsnitt. I snitt bruker lesarane av nynorsksakene 7,75 sekund lengre enn lesarane av bokmålsakene. Dette er ein nokså stor skilnad, med tanke på at slike hendingsartiklar som desse fire sakene er, ikkje er så lange.

4.2. Potensielle feilmålingar

Det kan vere at målingane av nynorsksakene ikkje representerer heilt korleis skriftspråket har blitt mottatt hos lesarane. Om ein er fast lesar av *Nettavisen*, og er kjend med at dei ikkje publiserer nynorske artiklar, kan det vere at ein trykker inn på sakene fordi ein blir overraska over at det står på nynorsk, og ein kanskje er ute etter å finne svar om kvifor artiklane står på nynorsk. Ein får ein slags «nyfikeneffekt». Redaktøren i avis Midt uttrykte at han hadde opplevd at lesarane vart litt overraska dei gongane dei publiserte saker på nynorsk: «Folk blir litt positivt overraska når det [nynorsk] dukkar opp. Kanskje at ein forventar at det er ei bokmålsavis, og blir positivt overraska». Redaktøren fortalte at han hadde fått meldingar ein gong i blant der folk sa det var fint med litt nynorsk, og difor tolka kanskje redaktøren at lesarane vart *positivt* overraska. Det er vanskeleg å vite kor utslagsgivande ein slik «nyfikeneffekt» kan ha vore i denne testinga, men ettersom nynorsksakene er mindre lesne i alle fire sakene, kan det verke sannsynleg å anta at effekten ikkje har slått til så veldig, sjølv om dette kan ha vore tilfellet hos nokre lesrarar.

Nynorskversjonane og bokmålsversjonane bytte plass på fronten kvart kvarter i løpet av ein periode på to timer. Det er mogleg at det har vore fleire lesarar inne i perioden til anten nynorskversjonane eller bokmålsversjonane, men ettersom versjonane vart bytte på kvart kvarter, er det truleg ikkje så stor forskjell i resultatet. Dette kan likevel vere ei potensiell feilmåling.

Målingane gjeld i hovudsak berre *Nettavisen*-lesarar, eller aviser med tilsvarende lesarar som *Nettavisen*. Det er nærliggjande å anta at om ein hadde gjort same test hos til dømes *NRK*, ville resultata vore annleis, då lesarane der er vande med å møte saker på nynorsk. Resultata hadde nok også vore svært annleis om ein hadde gjennomført testinga i ei lokalavis. Tidlegare studiar har vist at redaksjonar har ønskt å leggje språket opp mot dialekten i distriktet der avis blei gjeven ut, og det difor kanskje hadde vore sterkare reaksjonar til begge skriftspråk. Redaktøren av avis *Vest*, som har nynorsk som den dominante målforma både hos lesarane og som skriftspråk i avis, antyda også noko om toleranse hos det som blir rekna som «det andre skriftspråket»:

Avis Vest: Vi har hatt hospitantar frå journalistutdanninga [...]. Det er ei problemstilling der: Dei fleste skriv bokmål. Skal dei skrive nynorsk eller bokmål? Vi prøvde å presse grensa litt no. [...] Vi sa at ho eine skriv bokmål, også forklarer vi det til lesarane. [...]. Ho skreiv på bokmål, også i papiravisa. Terskelen i forhold til papiravislesarane er lågare enn nett. Det er ein hypotese eg har. Papiravislesarane er eldre. Ho skreiv på bokmål og det gjekk greitt, så skreiv den neste på bokmål og då kom reaksjonane. Det var for mykje. Det var ein som trua med å seie opp. Vi fekk testa ut den toleransen. Toleransen er ikkje så veldig høg.

Intervjuar: Kvifor trur du dei reagerte når den andre personen skreiv bokmål?

Avis Vest: Det blei for mykje. Dei ville kunne godta litt, men ikkje mykje. Det er ein låg toleranseterskel. Kor representativt det er ... eg føler det at toleranseterskelen er låg. Den er i bevegelse, men er framleis låg. [...] Det er annleis i papiravisa enn på nett.

Ettersom redaktøren hadde opplevd å få reaksjonar ved å publisere eit fåtal av artiklar på bokmål, viser det at resultata kunne vore heilt annleis om ein til dømes hadde gjennomført ei klikkundersøking i denne lokalavisa.

5. Resultat frå intervju

I denne delen av oppgåva vil det blir gjort ein hermeneutisk analyse. Målet med ein slik analyse er å forstå meininga bak hendingar, handlingar og fenomen i tekstar (Hårstad et al., 2017, s. 51). Meiningane og erfaringane som redaktørane har delt under intervjuet, er deira oppfatningar av kvifor han eller ho gjer som dei gjer, eller deira oppfatningar av korleis språket i mediebiletet ser ut. Denne oppfatninga samsvarar ikkje nødvendigvis med realiteten, så ein må difor tolke det informantane seier. Dette delkapittelet har som hensikt å presentere resultata frå den kvalitative undersøkinga, og forsøke å tolke kva redaktørane meiner, opp mot problemstillinga. For å spesifisere kva som er skribenten sine eigne ord og kva som er sitat frå datamaterialet, har eg valt å bruke ein eigen type hermeteikn: “...” når redaktørane vert sitert, og «...» når eg omtalar mine spørsmål eller siterer teori og tidlegare studiar. Slik håper eg at det vil bli lettare for lesaren å skilje kva som er informantutsegn og kva som er mine analysar.

Redaktørane som vart intervjuet jobbar i ulike landsdelar, men har jamt over mange av dei same oppfatningane av språket i mediebiletet. Redaktørane har hatt nokså like erfaringar også med språk i høve til lesarar og journalistar, om dei så skriv nynorsk eller bokmål i redaksjonen.

Avisene som redaktørane jobbar i, har ulike tilnærmingar til språkpolitikk. Nokre av avisene har ein vedtatt språkpolitikk der éi avis, avis Midt, kan spore vedtaket tilbake til 1935. To av avisene, avis Riks og avis Sør, oppdaterte språkpolitikken dei siste fem åra, då intervjuet var gjort, og har med det tatt eit meir bevisst val i nyare tid. Avis Riks opna opp for å ta i bruk nynorsk i 2017. Redaktøren lar journalistane ta valet om skriftspråk sjølve, etter kva journalistane føler er det beste. Avis Sør fortalte at dei stadig oppdaterer språkorma si, og at det då kan kome opp diskusjonar om kva skriftspråk dei skal bruke. Dei resterande avisene har delvis mangel på vedtatt språkpolitikk i redaksjonen, og uttrykte at språknorma alltid har vore slik den var då intervjuet blei gjort. Desse redaktørane hadde også inntrykk av at språknorma alltid kom til å bli verande slik den var. Alle avisene uttrykte at journalistane er kjent med språknormene i avisar gjennom diskusjonar i redaksjonen eller andre samtalar. Avis Midt hadde eit språkdokument i redaksjonen, medan dei andre redaktørane ikkje nemnte noko om eit slikt dokument i intervjuet. I dokumentasjonen står det at begge skriftspråka er offisielle skriftspråk i avisar, men praksisen er annleis: Dei skriv bokmål. Sett vekk frå dei avisene som fortel at språknorma “alltid har vore slik”, seier dei andre avisene at det er

redaktøren som bestemmer skriftspråket, i samarbeid med redaksjonen. Denne oppgåva er også ute etter å avdekke kvifor avisene har det skriftspråket som dei har. Talspersonane, altså redaktørane, for dei fem avisene gav alle uttrykk for at dei bruker det skriftspråket dei bruker, fordi det reflekterer lesarane og deira skriftspråk.

Redaktørane fekk omrent dei same spørsmåla. Blant anna fekk alle redaktørane spørsmål om dei hadde fått kommentarar frå lesarar på skriftspråket. Forutan kommentarar på skrivefeil, svarte redaktørane i avisene som har artiklar på både bokmål og nynorsk at dei aldri hadde fått ei klage på artiklar som vart skrivne på nynorsk, berre ros. Dei uttrykte alle at dei likevel trur lesarar ville reagert om halvparten av artiklane, eller meir, var på nynorsk. Redaktøren i avis Vest, som er ei nynorskavis, opplevde derimot å få klager på nokre artiklar som vart skrivne på bokmål. Redaktøren i avis Nord trur det hadde kome reaksjonar om dei byrja å skrive nynorsk, men hadde ikkje fått kommentarar på skriftspråket tidlegare, sjølv om dei publiserer lesarinnlegg på nynorsk dersom dei blir innsendt på nynorsk.

Dei ulike redaktørane har hatt ulike opplevingar rundt spørsmålet «Har du fått kommentarar frå journalistane rundt skriftspråket?». Redaktørane i to av avisene hevdar at dei ikkje har fått det. Redaktøren i avis Sør sa at språket er “fastspikra, og det er ein grei konsensus i redaksjonen”. «Fastspikra» tolkar eg som at redaktøren i avisas ikkje vil endre skriftspråksnorma deira, og dette er journalistane kjende med. Redaktøren i avis Midt sa at det er “sporadiske diskusjonar”, men at det er lenge mellom kvar diskusjon, medan redaktøren i avis Nord sa at det er ein diskusjon, ofte mellom redaktør og vaktsjefane om kvar linja går innan bokmål. Redaktøren i avis Riks sa at det har vore diskusjonar i alle dei åra redaktøren har jobba som redaktør, men at det er mindre no enn før. Redaktøren opplevde også at det var fleire diskusjonar då vedkommande jobba i ei anna avis som dekte eitt område, kontra ei riksavis.

Om avisene får tilsendt eit lesarinnlegg på eit anna skriftspråk enn det som er språkpraksisen i avisas, fortalte alle redaktørane at dei publiserer lesarinnlegget på det skriftspråket det blir sendt inn på. Redaktørane fekk også spørsmål om dei har stoffutveksling med andre aviser, som vil seie at ein publiserer saker frå andre aviser, og kva dei gjer med skriftspråket då. Redaktørane i avis Nord og avis Sør sa begge at dei avisene dei dupliserer frå skriv på same skriftspråk som dei, men redaktøren i avis Sør sa også at dei ikkje vil omsetje saka, om det er eit tilfelle at dei vil duplisere ei sak som er på nynorsk. Redaktøren i avis Vest fortalte at dei

omset sakene frå bokmål til nynorsk i papiravisa, men har nokre artiklar på bokmål på nett. Redaktøren i avis Midt sa at dei samarbeider tett med ein journalist som skriv halvparten av sakene sine på nynorsk. Dei kjem på trykk slik journalisten skriv dei.

6. Dei to datasetta i samanheng

Vidare i oppgåva skal eg analysere klickundersøkinga i lys av kvalitative data frå intervju, teoretiske perspektiv og tidlegare undersøkingar. Målet er å forsøke å finne forklaringar på kvifor funna er slik dei er, og dessutan peike på tendensar som ein kan finne i resultata.

Utsegnene som blir lagt fram frå intervjeta i dette delkapittelet er redaktørane sine meiningsytringar. Desse ytringane vil bli brukt som kommentalar, meininger, synspunkt og opplevingar som kan vere med på å forklare funna frå klickundersøkinga. Sjølv om eg vil behandle empirien frå intervjeta kritisk, er eg ikkje ute etter å trekkje noko tvil til dei synspunkta redaktørane ytrar. Det er trass alt dei som kjenner avisa si og yrket sitt best. Tolkingsarbeidet mitt vil, saman med teori, vere basert på mine eigne forståingar og tolkingar.

6.1. Sidevisningar

Det er i snitt 31,3 prosent fleire som les sakene på bokmål enn sakene på nynorsk. Dette kan ha fleire grunnar. Eg har valt å grunngje resultatet ut frå to moglege grunnar: identifisering og haldningiar.

For det første er det fleire som har bokmål som føretrekte skriftspråk, då bokmål er førstespråket for 4,4 millionar som er seks år eller eldre, medan nynorskbrukarane er ein stad mellom 548.000 og 638.000 (Grepstad, 2020). Difor kan det verke sannsynleg at fleire vil trykke på bokmålssaka. Men kvifor er det slik? Alle dei fem redaktørane trekte inn identitet i intervjeta, og at identitet spelte ei stor rolle for språkval, både hos lesarar og journalistar. Redaktøren i avis Nord, som er ei avis som skriv artiklane sine på bokmål, svarer følgjande på spørsmålet «Korleis trur du lesarane hadde reagert om de hadde skrive nynorsk?»:

[...] eg trur nokre hadde synest det var okei, og så trur eg nokre hadde reagert. Eg er sikkert på at det hadde kome reaksjonar. Ein skal ikkje gjere veldig mange endringar i ei avis før det kjem reaksjonar, men språket er ein viktig identitetsmarkør. [...] Det er jo

noko folk les. [...] Vi har ein veldig liten nynorskdel i området som vi dekker, også i kommunen som heilskap.

Her uttrykker redaktøren at bokmål blir betre mottatt hos lesarane enn nynorsk, fordi det er få personar som bruker nynorsk i kommunen dei dekker. Redaktøren hevdar at “språket er ein identitetsmarkør”. Ein kan tolke utsegna som at det er få personar med nynorsk i kommunen, difor reknar redaktøren med at nynorsk ikkje er ein del av identiteten deira. Likevel er det ikkje slik at vi berre kan identifisere oss med eitt skriftspråk, eller at ein må velje om ein identifiserer seg med nynorsk eller bokmål. Om lag ein tredel av nynorskbrukarane i samfunnet vekslar mellom nynorsk og bokmål (Walton, 2015, s. 25), som viser at ein kanskje kan føle identitet til begge skriftspråk. Som det vart nemnt i 2.3.1, har omrent ein tredel av nynorskelevane falle ifrå når dei er ferdig med vidaregåande. Ein kan også tenkje seg at mange av dei også ser på nynorsk som ein del av identiteten sin, sjølv etter dei har bytt til bokmål. Det er likevel nærliggjande å anta at ein føler identitet til noko ein sjølv har vore ein del av. Om ein aldri har skrive nynorsk, og ingen i området rundt seg heller gjer det, føler ein nok ikkje ein like nær identitet til skriftspråket. Dette finn vi også tendensar til i intervjuet med redaktøren i avis Midt, som er redaktør for ei avis som skriv bokmål:

Det er ein veldig liten del som både skriv nynorsk og som føler ein nær identitet til nynorsk i dekningsområdet vårt. [...] Det er ingen kommunar i området som definerer seg som nynorskkommunar, så vidt eg veit. Og det er svært få skuleelevar som skriv nynorsk. Det fell rett og slett ikkje normalt for ein kvar enkelt journalist å skrive nynorsk.

Redaktøren fortel at det er få som bruker nynorsk i deira område, og det difor ikkje fell naturleg å skrive nynorsk for journalistane, eller å oppmode journalistane til å skrive nynorsk. Ut frå det redaktøren uttrykker og tidlegare teori har peika på (jf. 2.2.), er det nærliggjande å tolke at det vil vere mindre naturleg for lesarane å lese nynorsk, ettersom fleire har bokmål som sitt føretrekte språk, og færre føler ein nær identitet til nynorsk. Om ein ikkje føler identitet til skriftspråket, vil ein altså kanskje ikkje lese det i like stor grad, noko som kan føre til færre sidevisningar.

Som nemnt er det ikkje så stor forskjell på bokmål- og nynorsksakene i sidevisninga: 4047 klikk mot 3083 klikk. For å forklare kvifor forskjellane ikkje er så store mellom kor mange klikk dei to skriftspråka fekk, har eg valt å ta med eit utdrag frå redaktøren i avis Vest:

Eg trur det er mindre kommentarar og hat no, fordi skriftspråka liknar meir på kvarandre, og fordi nynorsk kan dukke opp overalt. Også er det jo dialektbruken, ikkje minst. Den er mykje meir utbreidd enn den var for nokre tiår sidan. Folk driv og skriv mykje meir no enn før. [...] mange skriv dialekt på sosiale medium. Språket er ikkje berre bokmål og nynorsk lengre. Det er ein generell toleranse for variasjon i språket. Det kjem nynorsk til gode. [...] Eg er lærð opp til at ein skal snakke normalisert. Det er ikkje slik lengre.

Ut frå utsegna til denne redaktøren kan det verke som at nynorsk ikkje er like stigmatisert no som før, på grunn av at fleire tar i bruk dialektnær skriving på sosiale medium. I eit møte med Kringkastingsrådet 21. oktober 2010 uttrykte Ottar Grepstad, dåverande direktør for Nynorsk kultursenter, tilsvarande meininger: «Den språklige toleransen har økt de siste ti åra. [...] Kommer du til Norge må du ta dette som en pakke – med to språk» (Kringkastingsrådet, 2010, s. 4). Dette sa han som eit tilsvar til Kjersti Thorbjørnsrud, medlem av Kringkastingsrådet, då ho spurte om nynorsk kunne vere ein språkleg barriere for dei med fleirspråklege bakgrunn. Både Grepstad, Hans-Tore Bjerkaas, dåverande kringkastingssjef, Sylfest Lomheim, tidlegare direktør i Språkrådet, og Per Arne Kalbakk, dåverande programdirektør i NRK, opplevde ikkje nynorsk som formidlingsspråk i nyheitsmedia som problematisk for fleirkulturelle (Kringkastingsrådet, 2010, s. 3-4), som viser at haldningane til nynorsk kan ha betra seg. Lomheim trekte også fram at ungdom på Holmlia i Oslo får betre karakterar i sidemål enn på Frogner, og sa at «det handlar sannsynligvis om holdninger» (Kringkastingsrådet, 2010, s. 4).

At bokmål får fleire sidevisningar enn nynorsk stemmer også overeins med tidlegare studiar som omhandlar haldningane til nynorsk. Wold viser til fleire døme i masteroppgåva si som tyder på at folk oppfattar nynorsk som noko mindre viktig (Wold, 2018, s. 56). Selback avdekte i si undersøking frå 2001, at 41,5 prosent av informantane hennar er svært negative til nynorsk og 23,4 prosent av informantane er litt negative til nynorsk. Basert på desse funna, i tillegg til intervju med redaktørane, er det naturleg at bokmålsartiklane får litt fleire sidevisningar enn nynorskartiklane, på grunn av haldningane lesarar har til nynorsk.

Eit moment som vart nemnt i 2.3.2, er at språket blir brukt som eit verktøy for å selje produktet. I eit intervju uttrykte redaktøren i avis Midt at dette er noko ein tenkjer over når det gjeld språkval i kvardagen som journalist: “Det handlar heile tida om å søke etter ord som

skaper oppsikt, skaper konflikt eller kontrastar. [...] vi får eit direkte og rått språk, fordi vi oppfattar at vi må selje stoffet vi lagar”. Redaktøren seier ikkje at dei skriv bokmål, fordi det har visse fortrinn på den lingvistiske marknaden (Mæhlum, 2020, s. 199), men språk kan bli brukt for å appellere til oss som forbrukarar (Hårstad et al., 2021, s. 183), og bokmål *kan* ha visse fortrinn framfor nynorsk når det gjeld å selje eit produkt. Dette på grunn av at bokmål blir sett på som umarkert, overregionalt og som ein del av storsamfunnet, medan nynorsk blir sett på som det motsette: markert, lokalt og som ein del av lokalsamfunnet (Mæhlum, 2020, s. 197). Basert på dette er det altså bokmålet som innehar dei kvalitetane som i dei fleste tilfelle blir knytt til det moderne, og som dermed har konkurransesfortrinn på den lingvistiske marknaden (sst.) Ein ser her at bokmål får fleire sidevisningar, noko som kan vere med å generere sal. Når sal er ein av bakgrunnane til språkvala i avisene, kan det også bli tenkt at fleire aviser vel å bruke bokmål, på bakgrunn av at det blir «best» mottatt og sel betre enn nynorsk.

Som nemnt i 2.4, *Tidlegare studiar*, har fleire avisundersøkingar peika på at norske aviser ofte nemner talemålet i distriktet som grunnlag for språknormeringa i redaksjonen (Alsnes, 1994; Ims, 2007). Inntrykket mitt er at dette også var viktig for fleire av redaktørane. Redaktøren i avis Nord hevdar: “Vi har ein veldig liten nynorskdel i området som vi dekker, også i kommunen som heilskap”, og dette er grunnlaget for at dei ikkje skriv artiklar på nynorsk i avis. På spørsmål om avisas kan skifte språk i framtida, svarte redaktøren:

Ein skal aldri seie aldri. Eg kan ikkje sjå noko motivasjon for å gjere det den nærmaste tida. Det handlar litt om det publikumet vi har, dei abonnementane vi har. I Nord-Noreg er det lite bruk av nynorsk. I området her er det veldig lite. Eg kjenner ikkje til så mange som har det som hovudmål i skulen. Då må det vere tilflyttarar. Nokre få har det kanskje.

Dette viser at avisas ikkje vil skrive nynorsk, då det ikkje representerer talemålet eller skriftspråket i distriktet. Redaktøren i avis Midt hadde same tankegang, og hevdar at språket “langt på veg reflekterer det geografiske området ein høyrer til [...]. Det er ein veldig liten del som både skriv nynorsk og som kjenner ein nær identitet til nynorsk i dekningsområdet vårt”. Redaktøren i avis Vest fortalte at dei skreiv nynorsk, og det var ikkje noko anna alternativ: “Det er naturleg når vi er i kjerneområdet til nynorsk”, som også byggjer under argumentet at avisene vil representere talemålet og skriftspråket i distriktet som avisas blir gjeve ut. Den nasjonale avisas bruker begge skriftspråka, nettopp fordi dei skal vere ei avis for heile Noreg,

og at mange av lesarane er nynorskbrukarar. Den siste avis, avis Sør, hadde fleire kommunar i sitt dekningsområde, der kommunane hadde ulike offisielle skriftspråk. Journalistane skreiv artiklar på nynorsk i dei kommunane som hadde nynorsk som hovudmål i dekningsområdet, og brukte bokmål i dei resterande kommunane. Alle dei fem redaktørane gjev inntrykk for at talemålet og skriftspråket i dekningsområdet er grunnlag for skriftspråksnormene i avisene. Inntrykket mitt er dermed at avisene ser på seg sjølve som brukarar av skriftspråket, og ikkje som normaktørar. Rolla deira er å presentere nyheitsstoff på ein forståeleg måte, som også representerer lesarane sine, samtidig som dei møter lesarane sine prefererte skriftspråk.

Ut frå desse resultata kan det verke som at *Nettavisen* mister eit visst tal lesarar om dei skriv på nynorsk. Følgeleg kan ein anta at dette også gjeld aviser med same lesarskare som *Nettavisen*. At bokmål genererer lesarar kjem også fram i masteroppgåva til Nordvik (2010, s. 61-69). Nordvik spurte informantane sine, som var journalistar som skreiv både nynorsk og bokmål, om kva skriftspråk dei ville valt om dei skulle skrive ein roman. Dei fleste journalistane ville valt bokmål, medan nokre ville valt nynorsk. Hos fleire gjekk argumentet om lesarpotensial att: “Skriv ein på bokmål, så har ein berre skrive ein roman, og ein har samstundes eit mykje større lesarpotensiale [sic]”, sa ein av journalistane. Det kan verke som at det er ei viss einigkeit om at bokmål genererer fleire lesarar enn nynorsk, både i boksal og i abonnementsal. Dette resultatet gjeld vel å merke ikkje for alle avisene i landet. I masteroppgåva til Nordvik fann han ut at avisa *Vestnytt* ikkje fekk fleire abonentar på Litlesotra om dei brukte meir bokmål i avisa, sjølv om innbyggjarane på Litlesotra identifiserer seg meir med Bergen enn Sotra, og fleire bruker bokmål enn nynorsk der (Nordvik, 2010, s. 91).

6.2. Artikkelskroll

Resultata viste at lesarane skrollar litt lengre i sakene på nynorsk, i forhold til sakene på bokmål, sjølv om forskjellane var minimale: 0,5 prosentpoeng. Redaktören i avis Sør opplevde, etter kommentarar frå lesarar, at “dei som liker nynorsk blir glad kvar gong vi skriv noko på nynorsk og vil gjerne ha meir”. Dette kan vise tendensar til at lesarane vil lese litt lengre, når dei først får ein artikkel på nynorsk.

Som ein kunne sjå i 4.1.3, var det fleire som trykte seg ut av sakene som var skrivne på nynorsk, før det hadde gått fem sekund, enn det var på bokmålssakene. Som nemnt i same

kapittel vert ikkje lesarane som går ut av sakene dei første fem sekunda talde med på vidare statistikk. Ein grunn til at ein skollar lengre på nynorsk kan då vere at når dei lesarane som ikkje liker nynorsk eller ikkje identifiserer seg med nynorsk er vekke frå saka, sit ein igjen med dei som er glade i det skriftspråket, og som skollar lengre.

Nynorsk blir med andre ord ikkje mottatt slik hypotese 3: *Saker på nynorsk blir lesne kortare enn saker på bokmål*, hadde forventa. Ut frå dette kan det verke som at lesarar har betre haldningar til og høgare toleranse for nynorsk enn hypotesen antar. Dette opplevde også redaktørane. Redaktøren i avis Vest sa at det verkar som det er meir toleranse for nynorsk blant bokmålsfolk, spesielt i “hovudstadsaviser”:

[Før var det] eit yrkesforbod. Viss eg skulle halde på min nynorsk, så måtte eg gå til NRK, om eg hadde ambisjonar på riksplan. Eg ser no at VG, først og fremst, har gått i front og har slopp til nynorsk. BT er også mykje ryddigare på nynorsk og bokmål.
[...] bokmålsaviser, som VG, er litt rausare og slepp til nynorsk, då har eg tenkt at vi som er nynorskaviser bør vere rausare å sleppe til bokmål.

Dette kan vidare bli tolka som at redaktøren er fornøgd med at nynorsk har fått innpass i dei større nasjonale avisene, slik at ein ikkje berre har moglegheit å gå til NRK om ein har ambisjonar som nynorskskribent, og vil skrive på riksplan. Redaktøren i avis Riks fortalte at då dei opna opp for å skrive nynorsk i avis, var “tida veldig moden for det”, som også kan gje positive assosiasjonar til at nynorsk har større opning i media i dag. På spørsmål om språket i nyheitsbiletet har endra seg dei siste (ti)åra, svarte redaktøren i avis Midt: “Eg synest vi klart har ei kraftig endring. Det er jo nokre hovudtrekk. Med nynorsk så oppfattar eg at enkelte redaksjonar har blitt meir open for det. Store nasjonale medium har opna ‘språkpolicyen’ til at det er greitt”. Både redaktøren i avis Vest og redaktøren avis Midt trekk fram at nasjonale avisar har opna for nynorsk, noko som kan vise til at nasjonale avisar har større toleranse for og positive haldningar til nynorsk. I alle intervju kan det vere utfordrande å vite om informanten modifiserer svara for å seie det dei trur forskaren vil høyre. Ettersom ytringa til redaktørane stemmer overeins med innhaldet i delkapittel 2.3.3, der det blir trekt fram at mange av dei største avisene godtar nynorsk i artiklane sine, kan ein då tenkje seg til at datamaterialet mitt stadfestar at avisar har større toleranse for nynorsk i dag enn tidlegare. Dette kan også bety at lesarane har meir positive haldningar til nynorsk, då dei lar dei nasjonale avisene opne opp for skriftspråket. I 2009 utførte Språkrådet i samarbeid med NRK

ei haldningsundersøking blant publikum, for å undersøke haldningane deira til dialekt i NRK. Tre av fire var positive til at dialekt kunne bli brukt, også i riksdekkjande sendingar på TV og i radio (Kulbrandstad, 2009, s. 2). Sjølv om dette var ei undersøking om talemål, kan ein sjå liknande tendensar til nynorsk i datamaterialet mitt.

6.3. Fråfall

Det var fleire som klikka seg ut av nynorsksakene før det hadde gått fem sekund samanlikna med dei same sakene på bokmål, sjølv om det berre var ein forskjell på 0,72 prosentpoeng. Dette stemmer overeins med hypotese 2: *Ei sak har høgare fråfall dei første fem sekunda om ho er skriven på nynorsk enn om ho er skriven på bokmål*. Hypotesen var formulert slik, då eg har inntrykk av at nokre lesarar klikkar seg inn på saker, oppdagar at dei er på nynorsk, for så å gå ut av dei. Sentrale omgrep for å forklare desse resultata er språkhaldningar, identitet og kompetanse.

At fleire går ut av nynorsksakene enn bokmålssakene dei første fem sekunda, kan bli grunngjeve ut frå språkhaldningar. Nynorsk står utan tvil i ein minoritetsposisjon. Eit minoritetsspråk har ofte ein tendens til å bli oppfatta som «avstikkande», «markert» eller «uvanleg», i motsetnad til majoritetsspråket som ofte blir oppfatta som det «vanlege», «naturlege», «nøytrale» og «umarkerte» (Hårstad et al., 2021, s. 117; Mæhlum, 2020, s. 194). Bull (2004, s. 37) skriv: «Nynorsk er markert, mens bokmål er umarkert [...]. Bokmål er nøytralt; nynorsk er det ikkje». Wold (2018, s. 14) trekkjer også fram dette i si oppgåve: «[Elevane] svarer også at dei synest at nynorsk burde ha vore eit nøytralt språk for heile Noreg, men at det ikkje er det». Resultatet frå klickundersøkinga viser tendensar til at desse haldningane også kan bli brukt i praksis, då fleire trykker ut av sakene på nynorsk. Dette kan bli tolka som at lesarar ikkje vil lese nynorsk, då det blir «unaturleg» eller «framandt» for dei. Funna til Selback (2001), Akselberg (1999) og Wold (2018) er med på å underbyggje dette. Selback fann ut at fleirparten av informantane hennar var negative til nynorsk, informantane til Akselberg meinte at elevar sine haldningar til nynorsk var «middels god» eller «dårlege», medan Wold viste til fleire døme som tyda på at folk oppfatta nynorsk som noko mindre viktig. Vidare fann ho også ut at mange elevar ikkje vel nynorsk som skriftspråk, fordi dei ikkje vil skrive eit språk som blir oppfatta som markert (Wold, 2018, s. 54). Desse «haldningane» til nynorsk kan føre til at lesarar går ut av saker på nynorsk, fordi dei ikkje vil

lese dette skriftspråket. Samtidig viser resultata at nynorsk som formidlingsspråk i media ikke er så markert som først tenkt, då forskjellane i resultata er nokså små.

Som oppgåva allereie har vore inne på, er det ganske vanleg å forstå språk og identitet som bundne med kvarandre (Hårstad et al., 2021, s. 40). Når vi bruker språk, kan vi få tilbakemeldingar som seier at vi utfordrar etablerte normer for språkbruk. Denne forma for språkbruk bryt på ulike måtar med utbreidd forestillingar om korleis språkbruken vår skal uttrykke identiteten vår (Hårstad et al., 2021, s. 85). Følgeleg kan ein tenkje at for mange bokmålsbrukarar er nynorsk som formidlingsspråk i nyheitsmedia eit «framandt» språkbruk som dei ikkje vil lese. Dette kan også bli underbygd av at fleire aviser ikkje ville delta på klickundersøkinga. Som nemnt i 3.2. var tre redaktørar i tre ulike aviser negative til å spreie stoff på anna skriftspråk. Dette kan bli tolka som at redaktørane har negative haldningars til «det andre skriftspråket». Det kan også bli tolka som at redaktørane vil representere talemålet eller skriftspråket som er mest vanleg hos lesarane, og difor ikkje er interessert i å teste korleis eit skriftspråk som ikkje blir brukt i like stor grad, eller som er nærmare andre talemål blir mottatt. Ein grunn til at det er fleire som klikkar seg ut av nynorsksakene med ein gong, kan altså vere at det er færre som identifiserer seg med nynorsk, og difor ikkje vil lese saker på dette skriftspråket, i likskap med visningar.

Det at ein gjev opp lesinga, treng likevel ikkje å handle om eit hatforhold eller at ein ikkje identifiserer seg med språket, men at ein synest det blir for krevjande reint kognitivt. I undersøkinga til Wold (2018, s. 92) kom ho fram til at elevane hadde oppfatning av at nynorsk er vanskelegare enn bokmål, og elevane føler at dei ikkje meistrar språket godt nok. Nordmenn flest lærer ikkje nynorsk godt nok til å kunne bruke det som eit fullverdig offisielt språk, heller ikkje dei som har stillingar som føreset slik kompetanse (Bull, 1997, s. 22). Ein kan trekke parallelar frå klasserommet til nettavislesing på fritida, og peike på at manglande kompetanse kan vere ein av grunnane til at fleire lesarar av nynorsksakene går ut av sakene før det har gått fem sekund. Bull (2004) peikar på at fordommene mot nynorsk er store, men at det er grunn til å tru at kunnskapsløysa er endå større: «Og som elles i livet er det samanheng mellom kunnskapsløyse og fordommars». Dette viser at ein kanskje har negative haldningars til nynorsk, nettopp på grunn av eit lågare kompetansemål. Akkurat kva som er grunnen til at fleire hoppar av nynorsksakene med ein gong, er vanskeleg å nøste opp i, men resultatet viser at nettopp dette er tilfellet.

6.4. Fullført artikkkel

Av totalt 4047 sidevisningar på bokmål, fullførte 13,04 prosent av lesarane heile artiklane. Tilsvarande på nynorsk fullførte 16,38 prosent av 3083 sidevisningar, som vil seie at fleire fullførte artikkelen på nynorsk kontra bokmål. Som ein kan sjå i 4.1, bruker lesarane lengre tid på å lese sakene på nynorsk. Viss ein har investert mykje tid i å lese ei sak, kan det vere større sjanse for at ein også vil fullføre den, og dette kan vere med på å forklare kvifor fleire fullfører artikkelen på nynorsk enn på bokmål.

Redaktören i avis Sør, som publiserer artiklar på begge skriftspråk, fortel at “dei som liker nynorsk blir glad kvar gong vi skriv noko på nynorsk og vil gjerne ha meir. Dei som føretrekker bokmål, dei bryr seg ikkje så mykje, er mitt inntrykk”, som kan vise tendensar at lesarane vil lese så mykje som mogleg, når dei først får ein artikkkel på nynorsk. Tilsvarande tankar finn vi hos redaktören avis Riks, som også lar journalistane skrive på begge skriftspråk. På spørsmål om redaktören føler lesarane har positive haldningar til nynorsk, svarer vedkommande:

Det er mitt inntrykk. Eg trur at om vi hadde gjort om til 50 prosent nynorsk, så hadde vi fått reaksjonar på det. Det at ein har eit meir liberalt syn på det ... eg tenkjer ein kan bruke nynorsk når det er relevant.

Sjølv om nokon kan tenkje at nynorsk er «markert» kan det verke som at det er mange lesarar som ikkje “bryr seg så mykje”, både ifølgje resultata og intervjuet med redaktørane.

Eit minoritetsspråk har gjerne sterkt tilknyting til eit bestemt territorium eller ein region, og ofte også ei bestemt gruppe menneske innanfor dette territoriet (Hårstad et al., 2021, s. 117). Opplevinga av eit majoritetsspråk er at det ikkje kjem frå ein bestemt stad, det berre er der, tilgjengeleg for alle (sst.). Om vi relaterer dette til den norske skriftspråkssituasjonen er det liten tvil om at nynorsk ofte blir knytt til Vestlandet. Dersom koplinga av nynorsk til eit visst territorium blir stadig tydlegare i bevisstheita til folk, vil det framheve kontrastar til bokmål, som då vil bli ståande som geografisk umarkert. I dette landskapet vil nynorsk stå fram som eit symbol for «Nynorskland» (Mæhlum & Hårstad, 2018, s. 276-298). Også dette kan vere med på å grunngje kvifor dei som les på nynorsk i større grad fullfører heile artikkelen: Skriftspråket er kanskje så sjeldan i akkurat *Nettavisen*, og lesarane set pris på det, slik at dei vil lese så mykje som mogleg. At lesarar blir glade når nynorsk dukkar opp i ei avis som skriv

bokmål, opplever også redaktøren i avis Midt. Dei publiserer nokre gongar artiklar på nynorsk, då dei har tett samarbeid med ein journalist i ei anna avis som skriv nynorsk. Redaktøren svarte følgjande på spørsmål om dei har fått kommentarar på artiklane på nynorsk:

Det er utelukkande positive reaksjonar. Det er på ein måte ein av få ting der du kan jamleg få ein mail og tekstmelding at det er positivt at avisa er med og viser fram nynorsk. Folk blir litt positivt overraska når det dukkar opp. Kanskje at ein forventar at det er ei bokmålavis og blir positivt overraska.

I undersøkinga til Selback (2001) om haldninga til nynorsk hos «vanlege språkbrukarar», tolka ho resultata som at 41,5 prosent er svært negative til nynorsk, medan 23,4 prosent er litt negative til nynorsk. Samtidig resultata at 22,2 prosent er ganske positive til nynorsk, og 14,8 prosent er svært positive til nynorsk. Dette viser at det finst nok lesarar som er glade for å lese nynorsk, og difor les heile saka om den kjem på nynorsk. Det er altså kanskje større motførestillingar mot å produsere nynorsk for journalistane, enn det er mot å måtte ta i mot, altså lese, nynorsk for lesarane. Dette kan ein også sjå tendensar til i Roksvold (1999) si undersøking, der han kom fram til at ei felles språknorm er viktigare for journalistane enn for lesarane. Med andre ord er det kanskje viktigare for journalistane og avisene å halde seg til eitt skriftspråk, enn det er for lesarane å berre lese eitt skriftspråk.

6.5. Visningstid

Resultata synte at sakene på nynorsk blei lesne i 7,75 sekund lengre enn sakene på bokmål. Dette er i strid med hypotese 3: *Saker på nynorsk blir lesne kortare enn saker på bokmål.*

Det er fleire forhold som kan vere med på å forklare dette resultatet. Eit av dei kan vere at fordi lesarane skollar lengre i snitt på artiklane som står på nynorsk, og fordi fleire fullfører artiklane på nynorsk, vil lesarane også bruke lengre tid på å lese artiklane. Eit anna argument kan vere det same argumentet som føregåande delkapittel: Lesarane set pris på nynorsk når dei først les det, og vil lese så mykje som mogleg.

Kompetanse kan også vere ei sentral forklaring for dette resultatet. Det kan vere at lesarane bruker lengre tid å lese nynorsk om lesarane føler at dei meistrar språket därlegare. Fleire av

redaktørane oppførte kompetanse og tryggleik som ein grunn til at dei ikkje ville tvinge journalistane til å skrive nynorsk. Redaktøren i riksavisa hevdar at ikkje alle journalistane skriv nynorsk fordi “nokre reporterar føler ikkje at dei meistrar nynorsk”. På spørsmål om redaksjonen kan skifte språk i framtida, svarer redaktøren i avis Midt:

Eg tviler på at vi påleggje folk det. Eg er usikker på om fleire av journalistane hadde vore i stand til det. Kompetansen på nynorsk er nok svært varierande, og nokre få kunne nok gjort det om dei hadde fått beskjed om det.

Nynorskkompetanse vart også trekt fram under møtet i Kringkastingsrådet 24. november 2016. Dåverande språksjef Ragnhild Bjørge, sa at nynorsk var ei utfordring i NRK. Sjølv om statskanalen nådde 25-prosent-målet i eteren for første gong i 2015, har dei for låg nynorskkompetanse (Kringkastingsrådet, 2016, s. 8). Dette kan også appellere til lesarane: Kompetansen på nynorsk er varierande, og nokre vil kanskje bruke lengre tid på å lese artiklar på dette skriftspråket. I undersøkinga til Wold (2018, s. 92) kom ho også fram til at elevane hadde oppfatning av at nynorsk er vanskelegare enn bokmål, og elevane føler at dei ikkje meistrar språket godt nok. Likevel har ingen av redaktørane trekt fram at dei «tilpassar» språket for lesarane sine i intervjuet ved å ikkje skrive nynorsk, men heller omvendt: Dei skriv nynorsk av omsyn til lesarar som bruker nynorsk: “Det handlar om å vise respekt for folk”, sa redaktøren i avis Riks.

6.6. Stoffkategoriar

I denne delen av oppgåva vil tala frå dei enkelte artiklane bli presentert. Desse vil også bli forsøkt forklart, men ettersom datamaterialet består av éin artikkel i kvar kategori, fungerer desse berre som ein peikepinn for tendensane, og forklaringa av funna vil i hovudsak vere spekulasjonar. Samtidig er det i gjennomsnitt 7130 informantar per kategori, så nokre tendensar kan ein sjå. Målet her er å peike på interessante funn, som også kan leggje grunnlag for vidare undersøking. Ved å leggje fram dei ulike artiklane og sjå på dei som enkeltsaker, kan sakene vere med på å stadfeste eller avkrefte tidlegare argumentasjon rundt funna. Til dømes om ei sak har lengre visningstid på nynorsk, men kortare artikkelskroll, kan dette underbyggje argumentet om at det tar lengre tid å lese nynorsk enn bokmål.

Det er visse forskjellar mellom dei ulike kategoriane, ut frå desse fire sakene. Dei to avisene som hadde fast praksis å skrive både nynorsk og bokmål, avis Sør og avis Riks, fekk spørsmål om nynorsk vart betre mottatt i nokre kategoriar enn andre. Redaktøren i avis Sør svarte:

Dei som liker nynorsk blir glad kvar gong vi skriv noko på nynorsk og vil gjerne ha meir. Dei som føretrekker bokmål, dei bryr seg ikkje så mykje, er mitt inntrykk. Eg får aldri nokre klager om at vi har skrive noko på nynorsk.

Redaktøren i avis Riks svarte: "Nei. Eg har ikkje mottatt éi einaste klage personleg, der det er nokon som har reagert på det". Desse redaktørane har tusenvis av saker å grunngjeve opplevingane sine på, men det er ikkje sikkert at dei har samanlikna data på ein slik måte som denne oppgåva gjer. Difor er det framleis interessant å sjå om det er tendensar til at nynorsk blir betre mottatt i nokre kategoriar enn andre.

6.6.1. Økonomi

Mål	Tittel	Sidevisningar	Artikkel-skroll	Fråfall	Fullført artikkel	Visningstid
Bokmål	Har alltid stemt Arbeiderpartiet – går ut mot Støre og strømprisene: – Vi må ta et oppgjør	5840	49	9,77	15,38	72
Nynorsk	Har alltid stemt Arbeidarpartiet – går ut mot Støre og strømprisane: – Vi må ta eit oppgjør	3626	47	9,94	19,44	80

Tidspunkt for test: 15.02.22, 12.45-14.45.

I økonomi-kategorien var det 2214 fleire som trykte på saka på bokmål i forhold til nynorsk. Om ein reknar dette om til prosent, var det 61 prosent fleire som las saka på bokmål. Det vil seie at det var i denne kategorien nynorsk blei därlegast mottatt, då det var størst forskjell på klick mellom dei to sakene, og dette er ei av dei viktigaste målingane. Dette resultatet vik då frå hypotesen min: Hypotese 4 (H4): *Nynorsk blir best mottatt i kategorien «politisk kommentar», og därlegast mottatt i kategorien «sport».* Likevel var det 4,06 prosentpoeng

fleire som fullførte heile artikkelen på nynorsk, og dei som las saka på nynorsk, las den i snitt åtte sekund lengre. Det var også 0,17 prosentpoeng fleire som trykte ut av saka på nynorsk dei første fem sekunda, altså nesten 0 prosentpoeng. Dette var den minste forskjellen mellom bokmål og nynorsk, i forhold til dei tre andre sakene. Om dette var grunna økonomi-kategorien eller sjølve saka, kan ein ikkje seie noko om.

Denne saka vik frå dei tre andre sakene, ved at leserane skrolla lengre på bokmål enn nynorsk. I denne tabellen har ein då resultatet som vart nemnt innleiingsvis: Saka er lest lengre i sekund på nynorsk, åtte sekund meir enn bokmål, men saka er skrolla kortare av nynorsklesarane, 47 prosent mot 49 prosent. Dette kan vere med på å underbygge argumentet om at det tar lengre tid å lese nynorsk, då leserane på nynorsksaka har brukt lengre lesetid på kortare del av saka.

Kvifor artikkelen hadde så stort sprik mellom sidevisningar på nynorsk og bokmål, i forhold til dei tre andre sakene, kan det vere fleire grunnar til. Bull (2004) peika på at nynorsk blir sett på som «fattigare» og fungerer dårlig i det private næringslivet. Dette kan vere ein av grunnane til at denne økonomisaka blei lest av så mange færre på nynorsk.

Som nemnt skil denne saka seg ut frå dei andre sakene, både med tanke på at det er eit svært stort sprik mellom sidevisningane, og fordi leserane skrollar lengre på bokmål enn nynorsk. I eit møte i Kringkastingsrådet 21. oktober 2010 kom det fram at nynorsk blir mottatt ulikt av leserane. Kristoffer Kanestrøm, medlem av Kringkastingsrådet på den tida, ville vite om NRK fekk mykje klager frå folk på for lite nynorsk. Hans-Tore Bjerkaas, dåverande kringkastingssjef svarte:

Vi får klager begge veier, men ikke i store mengder - både fra dem som misliker at det brukes nynorsk, og fra dem som synes det er for lite nynorsk. Språk engasjerer sterkt når det dukker opp aktuelle språkspørsmål, men ikke så mye til daglig.
(Kringkastingsrådet, 2010, s. 3)

Nokre leserar klager på for mykje nynorsk, medan andre leserar klager på for lite nynorsk. Det nynorske skriftspråket blir altså mottatt ulikt hos publikum. Dette kan bidra til å forklare kvifor resultata frå dei fire sakene er forskjellige.

6.6.2. Kjendis

Mål	Tittel	Sidevisningar	Artikkelskroll	Fråfall	Fullført artikkel	Visningstid
Bokmål	Tom Stiansen om frykten for programlederbytte: – Har tenkt på det i flere år	5036	49	6,44	11,11	72
Nynorsk	Tom Stiansen om frykta for programleiarbytte: – Har tenkt på det i fleire år	4563	52	7,39	20	70

Tidspunkt for test: 17.02.22, 08.15-10.15

I kjendiskategorien var det 473 fleire som trykte på saka på bokmål i forhold til nynorsk. Om ein reknar dette om til prosent, var det 10,4 prosent fleire som las saka på bokmål. Det er den minste forskjellen i prosent mellom nynorsk og bokmål i dei fire sakene, som vil sei at det var i denne kategorien nynorsk vart best mottatt. Dette vik frå hypotesen min: Hypotese 4 (H4): *Nynorsk blir best mottatt i kategorien «politisk kommentar», og därlegast mottatt i kategorien «sport».*

Nynorsksaka vart lest kortare i sekund enn bokmålssaka i denne kategorien, noko som står i kontrast til dei tre andre sakene, men det vart skrolla lengre i saka på nynorsk. Dette står i strid med tidlegare argumentasjon om at lesarane bruker lengre tid på å lese nynorsk. Det var 8,9 prosentpoeng fleire som fullførte artikkelen på nynorsk, som er den største forskjellen mellom nynorsk og bokmål. Om det hadde med at det var kjendiskategori eller sjølve saka som engasjerte folk også på nynorsk, er vanskeleg å peike på, igjen på grunn av at det berre er éi sak.

6.6.3. Politisk kommentar

Mål	Tittel	Sidevisningar	Artikkelskroll	Fråfall	Fullført artikkel	Visningstid
Bokmål	Et urettferdig system blir ikke bedre ved å gjøre det enda mer urettferdig	1265	41	10,74	15,97	79

Nynorsk	Eit urettferdig system blir ikkje betre ved å gjere det endå meir urettferdig	1059	42	12,17	17,57	101
----------------	---	------	----	-------	-------	-----

Tidspunkt for test: 17.02.22, 19.00-21.00

Den eine hypotesen min var at nynorsk skulle bli best mottatt i kategorien politisk kommentar. Dette var ettersom politisk kommentar er eit meiningsinnlegg, og meininger blir ofte publisert på skriftspråket til forfattaren. Lesarane er med andre ord vande med å sjå kommentarar og meiningsinnlegg på ulike skriftspråk. Alle dei fem redaktørane som vart intervjua fortalte at lesarinnlegg blei publisert på det skriftspråket det blei sendt inn på. Redaktøren i avis Nord fortalte at han tenkjer det er heilt uproblematisk å publisere lesarinnlegg på nynorsk, og har ikkje fått nokre kommentarar frå lesarar på dei innlegga som står på nynorsk. Redaktøren i avis Riks fortalte at det er “litt umusikalsk å omsetje det [lesarinnlegg]”. Artikkelen blei lest av 19,5 prosent fleire på bokmål. Med andre ord stemte ikkje hypotesen min akkurat når det gjaldt denne saka, då kjendissaka vart lest av 10,4 prosent fleire på bokmål, altså ein mindre forskjell mellom nynorsk og bokmål. Likevel må ein understreke at dette berre er basert på éi sak, så ein kan ikkje konkludere bastant at hypotesen er feil ut frå dette datamaterialet.

Av dei fire artiklane, er det tydelegast at denne artikkelen er på nynorsk, då den inneheld flest «typiske» nynorskord, altså ord som til dømes «eit», «betre» og «gjere», som ein berre bruker på nynorsk. Viss nokon blir «avskrekka» fordi ei sak er på nynorsk, var det klarast signal frå denne overskrifta, som kunne føre til at færre trykte på saka.

Dei fire andre målingane stemte overeins med gjennomsnittet: Lesarane skrolla lengre på nynorskartikkelen, fleire fullførte artikkelen på nynorsk, lesarane brukte lengre tid på å lese artikkelen på nynorsk, og fleire gjekk ut av nynorskartikkelen før det hadde gått fem sekund, enn bokmålsartikkelen.

I snitt brukte nynorsklesarane 22 sekund lengre inne på saka enn bokmålslesarane gjorde, og nynorsklesarane las berre éin prosent meir av saka enn bokmålsbrukarane. Slike tendensar kunne ein også sjå i økonomikategorien (jf. 6.6.1.). Denne saka er med på å underbyggje

argumentet om at det kan ta lengre tid å lese saker på nynorsk, anten fordi det er vanskeleg, eller fordi lesarane ikkje føler at dei meistrar språket.

6.6.4. Sport

Mål	Tittel	Sidevisningar	Artikkelskroll	Fråfall	Fullført artikkel	Visningstid
Bokmål	«Absurd situasjon» for Strømsgodset i Marbella: – Jeg har aldri opplevd det før	6048	34	10,01	9,71	28
Nynorsk	«Absurd situasjon» for Strømsgodset i Marbella: – Eg har aldri opplevd det før	4242	34	10,34	8,52	31

Tidspunkt for test: 18.02.22, 13.00-15.00

I sportsartikkelen var det fleire som klikka seg inn på saka på bokmål, og fleire som gjekk ut av saka på nynorsk før det hadde gått fem sekund, slik vi også har sett tendensar til i dei andre artiklane. Det er verdt å merkje seg at innsalsteksten, altså overskrifta, er identisk på begge skriftspråk, med unntak av eitt ord, altså «eg». Det er litt merkeleg at det er så stor overvekt for bokmål, ettersom det berre er eitt ord som skil innsalstekstane.

Lesarane skrollar akkurat like langt på begge skriftspråka, men visningstida er i gjennomsnitt tre sekund lengre i nynorsksaka. Dette kan bidra til å underbyggje argumentet i 6.3. om at lesarane bruker lengre tid på å lese nynorsk, fordi dei ikkje meistrar det i like stor grad som bokmål.

Denne saka vart også fullført av fleire på bokmål, enn den vart på nynorsk, noko som skil seg frå dei tre andre artiklane. Eit element som er verdt å nemne, er at saka handlar om Strømsgodset, som er eit fotballag frå Drammen. Det er mogleg at ein artikkel om eit fotballag frå kjerneområdet til nynorsk, til dømes Sogndal, hadde blitt lest av fleire på nynorsk og fullført av fleire på nynorsk, enn det denne saka blei. Dette på bakgrunn av at Sogndal kanskje engasjerer lesarar frå Vestlandet som skriv nynorsk, meir enn det

Strømsgodset gjer. Om ein tenkjer at dei fleste fotballsupportarar har interesse for laget som er geografisk nærest dei, er det nærliggjande å anta at denne saka engasjerer austlendingane meir enn resten av Noreg si befolkning.

I førekant av testinga var den eine hypotesen min at nynorsk blei därlegast mottatt i sportskategorien. Ut frå dette datamaterialet stemte ikkje den hypotesen, då det var 42,6 prosent fleire som las saka på bokmål, samanlikna med økonomisaka som hadde 61 prosent fleire sidevisningar på bokmål. Likevel er datagrunnlaget litt tynt til å trekke bastante slutningar. Det kan vere at resultata syner annleis om ein hadde hatt fleire artiklar.

For å forklare kvifor nynorsk ikkje blei så dårlig mottatt i denne artikkelen som først tenkt, vel eg å trekke fram eit utdrag frå intervjuet med redaktøren i avis som skriv nynorsk.

Ei anna problemstilling vi har, er at vi har ei utvekslingsavtale med ei anna avis. Dei skriv bokmål og nynorsk. [...] Dei har ein greie at når dei skriv herifrå, til dømes om laget her spelar handballkamp, så skal det bli skrive på nynorsk, men sportsjournalistane drift i det. Kva gjer vi då? Nokre artiklar har vore på bokmål på nett, men i papiravisa må vi berre omsette det, elles blir det protestar. [...] Det har også vore eit tema ... ikkje på sport, for dei tar ikkje det så stivt, men andre journalister som har religiøst forhold til eige tekst: Om vi omset det, så blir det ein del protestar at språket blir forandra.

I intervjuet syner redaktøren at sportsjournalistane ikkje bryr seg så mykje om skriftspråket. Dei har heller ikkje eit “religiøst forhold” til teksten sin, som betyr at andre journalistar kan duplisere artikkelen, og omsetje den til det skriftspråket som er vanleg i den redaksjonen som dupliserer artikkelen. Tilsvarande kan ein tenkje at dei som les sport ikkje bryr seg så mykje om språk heller, om sportsjournalistane ikkje gjer det. Kanskje dei berre vil lese sport, og dei ikkje bryr seg om kva språk det står på?

7. Oppsummering

I byrjinga av denne oppgåva tok eg sikte på å undersøke følgjande problemstilling: *Korleis blir nynorsk som formidlingsspråk i nyheitsmedia mottatt i nettavisar?* I tillegg forma eg fire hypotesar for funna, som knytte seg direkte til forhold som vart kartlagt gjennom klikkmålinga.

Den første hypotesen var at sakene på nynorsk har færre sidevisningar enn dei same sakene på bokmål. Resultata stemmer overeins med denne hypotesen. Det er i gjennomsnitt 31,3 prosent fleire sidevisningar på bokmålssakene. Det er ikkje til å leggje skjul på at redaktørar, journalistar og aviseigarar vil at stoffet deira skal bli lest av mange, og difor er sidevisningar ei av dei viktigaste målingane ein måler. Kvifor bokmål slår best ut her, er det nok fleire grunnar til. Eg har valt å grunngje resultata ut frå noko fleire redaktørar trekte fram i intervju, samt tidlegare teori og studiar, nemleg identitet og identifisering med språk. Det er nærliggjande å anta at ein vil lese det skriftspråket som er knytt til identiteten sin og talemalet eller skriftspråket i området sitt, og at det blir «unaturleg» å lese noko anna. Med tanke på at det er fleire som har bokmål som sitt føretrekte skriftspråk, er det naturleg at bokmålssakene får fleire sidevisningar. I tillegg vert resultatet grunngjeve ut frå haldningar. Tidlegare studiar viser at folk har negative haldningar til nynorsk (Wold, 2018; Selback, 2001), og dette kan også vere ein av grunnane til at sakene på bokmål får fleire sidevisningar enn sakene på nynorsk.

Den andre hypotesen var at ei sak har høgare fråfall dei første fem sekunda om ho er skriven på nynorsk enn om ho er skriven på bokmål, noko som også viser seg å stemme. Dette har eg valt å grunngje ut frå tre omgrep: språkhaldningar, identitet og kompetanse. Identitet spelar også inn her, i likskap med sidevisningar. Vidare kan ein grunngje høgre fråfall ut frå haldningar. Nynorsk står i ein minoritetsposisjon, og mange kan sjå på skriftspråket som «markert» og derfor gå ut av saka. At nynorsk blir sett på som «markert» finn ein også tendensar til i tidlegare studiar og teoriar (Wold, 2019; Hårstad et al., 2021; Mæhlum, 2020; Bull, 2004). Men at ein gir opp lesinga, treng heller ikkje handle om verken haldningar eller identitet, men at ein synest det blir for krevjande reint kognitivt, altså at ein har for låg nynorskkompetanse til å frivillig ville lese avistekstar på nynorsk.

Resultata stemmer ikkje overeins med hypotese 3: *Saker på nynorsk blir lesne kortare enn saker på bokmål*. Når lesarane først har kome seg forbi dei første fem sekunda, les lesarane av nynorsksakene lengre, både i tid og i lengde av saken. Dette har eg grunngjeve ut frå fleire element. Eit hovudpunkt som går igjen, er at dei som liker nynorsk, set pris på å få lese det, og les det difor lengre. Kompetanse spelar også inn her. Lesarane kan bruke lengre tid på å lese nynorsk, fordi dei synest skriftspråket er vanskelegare.

Den siste hypotesen var: *Nynorsk blir best mottatt i kategorien politisk kommentar, og dårligast mottatt i kategorien sport*. Dette stemte heller ikkje ut frå resultata, sjølv om eg her har vesentleg spinklare data å byggje på. Økonomi var den kategorien nynorsk blei dårligast mottatt, med tanke på sidevisningar og artikkelskroll. Nynorsk vart best mottatt i kjendiskategorien, då det var minst forskjell på sidevisningar målt i prosent, i tillegg til at det var fleire som fullførte saka på nynorsk.

Korleis blir nynorsk då mottatt som formidlingsspråk i nyheitsmedia? Tala tyder at nynorsk som formidlingsspråk i nettavisar ikkje er så markert som ein kanskje skulle tru. Sjølv om nynorsk ligg under i to svært sentrale målingar, sidevisningar og fråfall, er det ikkje så drastisk skeivt som ein kanskje kunne ha venta. Det var i gjennomsnitt 31,3 prosent fleire sidevisningar på bokmålssakene, i forhold til nynorsksakene, og berre 0,72 prosentpoeng fleire som gjekk ut av nynorsksakene dei første fem sekunda, kontra bokmålssakene. Forskjellane er såpass små samanlikna med styrkeforholdet mellom nynorsk og bokmål, at det kan verke som at både lesarar, redaktørar og journalistar har betre haldningar til og høgare toleranse for nynorsk enn først tenkt, og at mange lesarar er temmeleg likegyldige til kva skriftspråk dei les. Om det er omrent likegyldig for lesarane kva skriftspråk ein bruker, er det difor interessant å sjå på kva som er bakgrunnen bak skriftspråkvala i ulike redaksjonar. Nokre av redaktørane som vart intervjua i denne oppgåva fortalte at dei har ein vedtatt språkpolitikk, om det så vart vedtatt ved grunnlegginga ved avisa, eller om det er eit oppdatert vedtak. Andre redaktørar har delvis mangel på vedtatt språkpolitikk, og uttrykte at språknorma “alltid har vore slik”. Alle redaktørane uttrykte i intervjua at skriftspråket i redaksjonen er basert på lesarane sine og kva skriftspråk dei bruker, som vil seie at lesarane er med på å påverke skriftspråket.

Denne studien stadfestar at styrkeforholdet mellom nynorsk og bokmål framleis går i favør bokmål, då bokmål har flest brukarar, og ikkje minst er mest synleg. Lesarar av nettavisar blir i størst grad eksponert for bokmål, og det finst framleis riksavisar som ikkje lar journalistane sine skrive nynorsk, sjølv om fleire riksavisar har opna opp for nynorsk etter 2017. Men sjølv om bokmål dominerer i styrkeforholdet, betyr ikkje dette nødvendigvis at nynorsk blir dårlig mottatt i nettavisar, slik det også kjem fram i analysen.

7.1. Avsluttande drøfting

Avslutningsvis vil eg diskutere reliabilitet og validiteten i oppgåva. Validitet handlar om undersøkinga måler det den skal måle. Eg vil seie at oppgåva har i stor grad høg validitet, då testinga faktisk måler enkeltpersonar sine handlingar i sakene. Samtidig kan tala vike litt frå realiteten, då nokre personar har familiebrukar. Det betyr at det kan vere fem personar på éin brukar, der alle går inn på saka, men det vil berre bli vist på statistikken som éin person. Dette gjeld for både målformene, så ein kan rekne med at det «nullar» seg ut. I tillegg kan nokre personar gå innom saka fleire gongar, men dette blir heller ikkje talt med. Reliabilitet handlar om stabilitet i målingane. Sjølvsgart vil det vere betre jo fleire saker ein testar, men samtidig er det 31679 personar som alle har gjort ulike val i sakene ved til dømes å gå ut av saka tidleg, lese heile saka eller gå ut midt i. Ein kan frå dette seie at forskinga har nokså høg reliabilitet.

Ei vidareutvikling av denne studien kan vere å sende ut spørjeskjema til personar i ulike aldersgrupper og geografiske område, for å finne ut kva haldninga dei har til nynorsk i nettavisar. I spørjeskjemaet kan ein spørje personane om kjønn, alder, kva område i Noreg dei er frå, kor ofte dei les nyheter, om dei legg merke til skriftspråket, og kva dei eventuelt gjer om dei ser at ein artikkel er skriven på nynorsk. På denne måten kan ein i endå større grad avdekke kva haldninga folk har til nynorsk i nettavisar, og i kva område dei ulike haldningane er størst representert. Dette såg eg på som for omfattande for denne oppgåva.

Litteraturliste

- Aftenposten. (2021, 03. februar). Generelle vilkår. *Aftenposten*.
<https://www.aftenposten.no/norge/i/QxPlR/generelle-vilkaar>
- Akselberg, G. (1997). Kvalitativ eller kvantitativ sosiolingvistikk. I J. Bondevik, G. Kristoffersen, O. Nes og H. Sandøy (Red.), *Språket er målet. Festschrift til Egil Pettersen på 75-årsdagen 4. mars 1997* (s. 23-34). Alma Mater.
- Akselberg, G. (1999). Valfridomen i nynorsk. I H. Omdal (Red.), *Språkbrukeren – fri til å velge? Artikler om homogen og heterogen språknorm* (s. 9-22). Høgskolen i Agder.
- Alsnes, R. (1994). *Er det plass til nynorsk?: Om språket i norske aviser. Rapport frå Kringkastingsringen*. Kringkastingsringen.
- Amedia. (2022). *Våre aviser*. Amedia. <https://amedia.no/>
- Arnestad, G. (2002). *Kulturregion Vestlandet – Føresetnader og utfordringar for ein felles kulturregion på Vestlandet* (HSF Rapport 5/02). Høgskulen i Sogn og Fjordane.
https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmui/bitstream/handle/11250/149528/HSF_rapport_2002_05.pdf?sequence=1&isAllowed=y
- Bakke, E. (2001). Språk og nasjonsforming i Noreg i eit europeisk perspektiv. I E. Bakke & H. Teigen (Red.), *Kampen for språket: Nynorsken mellom det lokale og globale* (s. 42-71). Det Norske Samlaget.
- Bakke, E. & Teigen, H. (2001). Innleiing. I E. Bakke & H. Teigen (Red.), *Kampen for språket: Nynorsken mellom det lokale og globale* (s. 7-14). Det Norske Samlaget.
- Bull, T. (1997). Språk og læring. I NTNU (Red.), *Hovedmål og sidemål i norsk skole: er vi ved et veiskille? Konferanse i Trondheim, 11.-12. februar 1997* (s. 16-28). NTNU Allforsk.
- Bull, T. (2004). Nynorsk som minoritetsspråk. *Språknytt*, 3(4), 36-39.
- Eikersund, H. & Fretland J. O. (2015). Om å meine noko om nynorsk. I H. Eiksund & J. O. Fretland (Red.), *Nye røyster i nynorskforskinga* (s. 9-15). Det Norske Samlaget.
- Foss, E. S. (2022, 13. januar). *I av 9 har nynorsk som hovudmål i skolen*. SSB.
<https://www.ssb.no/utdanning/grunnskoler/statistikk/elever-i-grunnskolen/artikler/1-av-10-har-nynorsk-som-hovudmal-i-skolen>
- Greger, M. W. (2021, 18. mars). TV 2 opphever «nynorsk-nekt». *Journalisten*
<https://journalisten.no/framtidano-karen-anna-kleppe-karianne-solbraekke/tv-2-opphever-nynorsk-nekt/454298#:~:text=I%20tiden%20som%20allmennkringkaster%20har,N%C3%A5%20snur%20de.&text=Det%20var%20i%20Framtida.no,p%C3%A5%20TV%202%20sine%20nettseite>
- Grepstad, O. (2015). *Språkfakta 2015. Ei forteljing om språk i Noreg og i verda gjennom 850 tabellar*. Nynorsk kultursentrum.
- Grepstad, O. (2020). *Språkfakta 2020. Tala. Forteljingane. Dokumenta*. Nynorsk kultursentrum.
- Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelige metoder* (2. utg.). Fagbokforlaget.

- Gunnerud, S. M. (2016, 06. oktober). *Ny statistikk: Elever går over til bokmål på videregående*. Riksmålsforbundet.
<https://www.riksmålsforbundet.no/statistikk-elever-går-bokmal-pa-videregående/>
- Haugtrø, B. (2018, 28. mai). Aftenposten opnar for nynorsk. *Framtida*.
<https://framtida.no/2018/05/28/aftenposten-opnar-for-nynorsk>
- Hellevik, O. (1977). *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap* (3 utg.). Universitetsforlaget.
- Hellevik, O. (2001). Nynorskbrukaren – Kven er han? I. E. Bakke & H. Teigen (Red.), *Kampen for språket: Nynorsken mellom det lokale og globale* (s. 117-139). Det Norske Samlaget.
- Herk, G. V. (2012). *What Is Sociolinguistics?* (2. utg.). John Wiley & Sons Inc.
- Hoel, O. L. (2001). Strategiske utfordringar for målrørsla. I E. Bakke & H. Teigen (Red.), *Kampen for språket: Nynorsken mellom det lokale og globale* (s. 15-41). Det Norske Samlaget.
- Hårstad, S. (2010). *Unge språkbrukere i gammel by: En sosiolinguistisk studie av ungdomstalemål i Trondheim* [Doktorgradsavhandling, NTNU]. NTNU Open.
https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmui/bitstream/handle/11250/243705/359563_FULLTEXT01.pdf?sequence=1
- Hårstad, S., Mæhlum, B., & Lohndal, T. (2017). *Innganger til språkvitenskap. Teori, metode og faghistorie*. Cappelen Damm Akademisk.
- Hårstad, S., Mæhlum, B. & Ommeren, R. V. (2021). *Blikk for språk: Sosiokulturelle perspektiver på norsk språkvirkelighet*. Cappelen Damm Akademisk.
- Ims, I. (2007). *Det er vi som bestemmer åssen folk snakker og skriver: En undersøkelse av norske avisers språknormative prinsipp og praksis* [Hovudoppgåve, Universitetet i Oslo]. DUO vitenarkiv.
https://www.hf.uio.no/iln/om/organisasjon/tekstlab/kurs/oppgaver/Ims_hovedoppgave.pdf
- Johannessen, J. B. (2003). Innsamling av språklige data: Informanter, introspeksjon og korpus. I J. B. Johannessen (Red.), *På språkjakt* (s. 133-172). Unipub Forlag.
- Kantar Forbruk & Media. (2021). *Digitaltall 2020/2021: Norske nettsteder går tilbake med 3 %*. [Statistikk].
<https://kantar.no/globalassets/medier/avis/digitaltall/digital-og-total-tall-2020-2021-futsaeter-15-09-21.pdf>
- Kringkastingsrådet. (2010). *Referat fra møte i Kringkastingsrådet, 21.10.2010*. NRK.
<https://fido.nrk.no/5b646b0f9719223d0102fe833e1e88ded60bd37177126ec0216d36a582ca82c3/Refukt2010.pdf>
- Kringkastingsrådet. (2016). *Referat fra møte i Kringkastingsrådet, 24.11.2016*. NRK.
https://fido.nrk.no/72270f5759b0522f81b6624b75be76864f0df216958f106dd91980b7de3b3e55/krad_ref_241116.pdf
- Kulbrandstad, L. A. (2009, 14. juni). *Holdninger til dialekt og aksentpreget norsk*. Språkrådet.
<https://www.sprakradet.no/upload/Notat%20om%20NRK-undersøkelse.pdf>
- Kulturdepartementet. (2018). *Grunngjevinga for å gje prisen til Harald Thingnes*. Regjeringen.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/e9bb6f119dbb4c8b8e61a11d1256f5ae/2018-grunngjeving-for-prisen.pdf>

Larsen, A. K. (2017). *En eklere metode: Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode* (2. utg.). Fagbokforlaget.

Lilleholt, K. & Kihl, J. (2014). *Rapport om kommunereforma – fra Askvoll til Åseral*. Noregs Mållag.
https://lnk.no/wp-content/uploads/2015/03/files.zetta_no_www-nm-no_filer_rapport_om_kommunereforma_noregs_maalag.pdf

Lunde, M. M. (2005). Haldningar finst dei? Og er dei i så fall å finne i individua eller i det sosiale rommet mellom dei?: En drøfting av haldningsomgrepet ut frå ulike tilnærtingsmåtar. *Målbyrting*, 7, 7-44.

Mediebedriftenes Landsforening. (2022). *Medietall, lesertall, mediehus*. Mediebedriftene.
<https://www.mediebedriftene.no/tall-og-fakta/lesertall/>

Mediemållaget. (2010, 22. oktober). *Nynorsk redaktørpris til Elle-redaktør Signy Fardal*. Nynorsksenteret.
https://tekstbasen.nynorsksenteret.no/filer/3/070121NPK_Vil%20opne%20for%20nynorsk%20i%20ELLE.pdf

Mæhlum, B. (1997). En apologi for den metodologiske individualismen. *Nordica Bergensia*, 3(13), 9-28.

Mæhlum, B. (2008). Språk og identitet. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy. *Språkmøte: Innføring i sosiolinguistik* (s. 105-148). Cappelen Damm Akademisk.

Mæhlum, B. & Hårstad, S. (2018). Nasjonale og regionale identiteter. I T. Bull (Red.), *Norsk språkhistorie: Ideologi* (s. 245-326). Novus Forlag.

Mæhlum, B. (2020). *Konfrontasjoner: Når språk møtes* (2. utg.). Novus Forlag.

NESH. (2021). *Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora* (5. utg.). De nasjonale forskningsetiske komiteene.

Nordvik, B. E. (2010). *Lokalavisa – nynorskbastion under press: Eit språkkulturelt blikk på avisene Vestnytt og Os og Fusaposten* [Masteroppgåve, Universitetet i Bergen]. Bora UiB.
<https://bora.uib.no/bora-xmlui/bitstream/handle/1956/4067/69434966.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

Nynorsk Pressekontor. (2007, 21.januar). *Vil opne for nynorsk i ELLE*. Nynorsksenteret.
https://tekstbasen.nynorsksenteret.no/filer/3/070121NPK_Vil%20opne%20for%20nynorsk%20i%20ELLE.pdf

Rambø, G. (2014). Språksosiologi og norsk språkhistorieskriving. *Maal og Minne*, 8(2), 18-55.

Roksvold, T. (1994). Pressespråk som utputt og innputt. *Sprog i Norden*, 25(1), 115-128.

Roksvold, T. (1999). Fast språknorm eller valgfrihet i redaksjonen? I H. Omdal (Red.), *Språkbrukeren – fri til å velge? Artikler om homogen og heterogen språknorm* (s. 197 – 209). Høgskolen I Agder.

Røyneland, U. (2011). Språk og dialekt. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy (Red.), *Språkmøte* (s. 16-34). Cappelen Akademisk forlag.

- Sandøy, H. (2008). Skriftvariasjon. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy. *Språkmøte: Innføring i sosiolinguistik* (s. 195-220). Cappelen Damm Akademisk.
- Selback, B. (2001). *Det er heilt naturleg: Ei granskning av skriftspråkshaldningar* [Hovudoppgåve]. Universitetet i Bergen.
- Stølen, K. A., Svarstad, S. & Lillesvangtu, T. M. (2017, 21. mars). Han har opna for (litt) nynorsk i VG. *NRK*.
https://www.nrk.no/vestland/han-har-opna-for-_litt_-nynorsk-i-vg-1.13438656
- Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (3. utg.). Gyldendal Akademisk.
- Venås, K. (1991). *Mål og miljø: Innføring i sosiolinguistik eller språksosiologi* (3. utg.). Novus Forlag.
- VG. (2005, 30. oktober). Vil tvinge nynorsk inn i avisene. *VG*.
<https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/M4voM/vil-tvinge-nynorsk-inn-i-avisene>
- Vikør, L. S. (1997). Norsk språksituasjon i eit internasjonalt perspektiv. I NTNU (Red.), *Hovedmål og sidemål i norsk skole: er vi ved et veiskille? Konferanse i Trondheim, 11.-12. februar 1997* (s. 119-126). NTNU Allforsk.
- Vikør, L. S. (2006). Perspektiver på språkutviklinga i Noreg. Internasjonalt, nasjonalt og regionalt. I T. O. Engen, L. A. Kulbrandstad & E. Syversen (Red.), *Monokultur og multikultur. Nasjonsbyggende diskurser 1905-2005* (s. 73-96). Oplandske Bokforlag.
- Walton, S. (1991). Nynorsken mellom modernismen og postmodernismen. *Norsk læraren* (3), 30-38.
- Walton, S. (2015). Kva er nynorsken? I H. Eiksund & J. O. Fretland (Red.), *Nye røyster i nynorskforskinga* (s. 16-33). Det Norske Samlaget.
- Wold, I. (2018). *Kvifor ikkje nynorsk?: Ein metaanalyse av sju studiar om den nynorske lekkasjen i randsoner* [Masteroppgåve, NTNU]. NTNU Open.
<https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/2565094/Ingrid%20Wold%2c%20masteroppgave.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Østbye, H., Helland, K., Knapskog, K. & Hillesund, T. (2007). *Metodebok for mediefag* (3. utg.). Fagbokforlaget.

Vedlegg

Intervjuguide

Tidsramme: 20-60 min

Personar som skal bli intervjuat: 5 redaktørar totalt

Eg, som intervjuar, kan stille oppfølgingsspørsmål om redaktøren ikkje forstår spørsmålet. Då tar eg utgangspunkt i hinta i spørsmåla under.

1a) Kva språk skriv de på i redaksjonen?

1b) Korleis har prosessen vore ved å velje språk?

Moglege hint/oppfølgingsspørsmål:

- Har det alltid vore slikt?
- Er det ein prosess som har gått gjennom eit styre?
- Kvifor?

2) Korleis trur du lesarane hadde reagert om de hadde skifta skriftspråk?

Moglege hint/ oppfølgingsspørsmål:

- Hadde dei kommentert det?
- Hadde dei fått nokre forskjellige følelsar knytt til dette?
- Kvifor?

3) Har de nokon gong vurdert å skifte skriftspråk?

Moglege hint/ oppfølgingsspørsmål:

- Når?
- Kvifor/kvifor ikkje?

4) Har de fått kommentarar frå journalistane rundt skriftspråket?

- På kva måte?

5) Trur du at redaksjonen kan skifte språk i framtida?

Moglege hint/ oppfølgingsspørsmål:


- Kvifor/kvifor ikkje?

Relevans for lektoryrket

Det er fleire aspekt som gjer denne oppgåva relevant for lektoryrket. For det første er tilhøvet mellom nynorsk og bokmål eit av hovudpunktta ved oppgåva. Elevane skal etter 10. klasse i norskfaget «forklare den historiske bakgrunnen for bokmål og nynorsk og reflektere over statusen til de offisielle språkene i Norge i dag» (Utdanningsdirektoratet, 2020). For å nå dette målet er det viktig at læraren har kunnskap om statusen til nynorsk og bokmål i Noreg. Det kjem fram i oppgåva at mange elevar har negative haldningar til nynorsk, mykje på bakgrunn av at dei synest nynorsk kan vere utfordrande og vanskeleg. Dette har tidlegare studiar kome fram til (Wold, 2018; Akselberg, 1999; Bull, 2004). Kunnskap om menneske sine haldningar til nynorsk og bakgrunnen til dette er relevant å ha med inn i yrket som lærar. Oppgåva viser at nettavislesarar ikkje blir eksponert for nynorsk i like stor grad som bokmål, då dei største avisene i Noreg for det meste skriv bokmål. Fleire kan ha mindre kompetanse rundt nynorsk, nettopp fordi dei ikkje les og bruker det så mykje. Dette kan vere viktig å ha i baktankane som lærar. På denne måten kan ein gjere språkopplæringa i nynorsk meir retta mot kunnskapen og kompetansen til elevane.

I tillegg tar denne oppgåva opp kva som er med på å utvikle det norske språket, der mediespråk er ein av desse. Med andre ord gir denne oppgåva innsikt i det språklege økosystemet. Eitt av kjernelementa i LK20 er språkleg mangfald. I dette ligg det at elevane skal «ha kunnskap om dagens språksituasjon i Norge og utforske dens historiske bakgrunn. De skal ha innsikt i sammenhengen mellom språk, kultur og identitet og kunne forstå egen og andres språklige situasjon i Norge» (Utdanningsdirektoratet, 2020). For å kunne gje elevane god opplæring, er det relevant med kunnskap om nettopp språksituasjonen og kvifor den er som den er. Kunnskapen eg tar med meg etter å ha skrive denne oppgåva, både innanfor mediespråk, språksituasjonen og nynorsk versus bokmål, håper eg vil bidra til å gje god norskopplæring i skulen.

Å skrive masteroppgåve er ein prosess som også har gitt erfaring og kunnskap om skriving. Skriving er ein prosess der ein må kna på produktet før det er ferdig. Dette gjeld både for ein masteroppgåve, men også i klasserommet. Å ha erfaring med ei større skriveoppgåve er viktig å ta med seg inn i eit klasserom der skriving er ein sentral del av opplæringa, både i norskfaget og i andre fag. Som lærar skal ein rettleie skrivinga til elevane. Då er det viktig å ha kunnskap om prosessen, slik at ein kan fungere som ein rettleiar for elevane.



NTNU

Norwegian University of
Science and Technology